



Bygland kommune

Med hjarta i Bygland

ÅRSMELDING

2023



KOMMUNEDIREKTØREN HAR ORDET

2023 har vore eit innhaldsrikt år for Bygland kommune. Uroa som har prega verda dei siste åra har også sett sitt preg lokalt.

I ei verd der alt heng saman med alt, så påverkar desse hendingane dagleglivet til innbyggjarane også hos oss. Først og fremst gjennom felles arbeid med å busetja og integrera flyktningar frå Ukraina. Me har langt på veg lykkast i dette arbeidet, men ein ser også at det er krevjande å sysselsetja mange på ein gong i ein avgrensa arbeidsmarknad.

Det arbeidet må halda fram med full styrke også framover slik at me sikrar ei verdig framtid for dei menneska i krise som har komme til oss.



Kommunedirektør John S. Sigridnes

På mange område var 2023 også eit godt år for Bygland kommune. Folketalet auka med 44 personar frå 1136 til 1180 innbyggjarar. Bygland vart med det den sjuande beste kommunen i landet på prosentvis innbyggervekst. Dette var ikkje berre drive fram av flyktningkrise. Me hadde også ein positiv netto innanlands tilflytting på 36 personar. Samtidig har ein langvarig trend med reduksjon i talet på sysselsette også snudd. Me hadde i 2023 ein vekst på 2.9 prosent i talet på sysselsette. Det blir frå kommunens side viktig å jobba vidare med program og tiltak som kan underbyggja den gode veksten me no er inne i. Me vart i 2023 ein del av det nasjonale omstillingsprogrammet til Innovasjon Noreg, og Bygg Bygland blir viktig i så måte framover. Dette programmet vil dei neste seks åra sikra både finansiering og kompetanse til å byggja vidare på den gode trenden når det gjeld innbyggjar- og sysselsetjingsvekst.

Det blir og viktig å byggje gode felles satsingar innanfor oppvekst og helsefeltet framover. Trass i den positive trenden i innbyggjartal og sysselsetjing treng me eit løft på enkelte område. Me har for mange som fell utanfor, for mange som lever i fattigdom, og for mange barnevernssaker i forhold til innbyggjartalet. Strukturen til ei målretta levekårssatsing vart etablert i 2023, og dette vil vera ei prioritert satsing framover. Ambisjonen er at ein i løpet av eit par år har to solide program gåande i kommunen samtidig. Eit på omstilling og eit på levekår.

2023 har også vore eit omstillingsår for kommunen som organisasjon. Slike prosessar er alltid krevjande. Inngangen til IKT Agder og omlegging til nytt ERP og økonomisystem har gitt mykje ekstra arbeid for både administrasjon og leiarar ute i kommunalområda. Det er gjort ein solid jobb her, og ein ser allereie no effektane av eit nytt og meir moderne system. Det vil mellom anna bli lettare å få ut relevante statistikkar og nøkkeltal på drift fortløpande. Dette kan utnyttast til betre styring og forståing for kva tiltak ein treng for å utvikla tenestene.

Samtidig som ein har innført nye system er også arbeidet med å byggja ny organisasjonsstruktur slutført i 2023. Pleie og Omsorg er slått saman med Helse, Drift og Forvaltning er slått saman med tidlegare Plan og utvikling til kommunalområde Samfunn, og me har landa prosjekt oppvekst i ein oppvekstsektor i Bygland.

Det betyr at me frå 2024 har tre operative kommunalområde i kommunen i tillegg til kommunalområda på stab/økonomi og HR/organisasjon. Det er mi vurdering at dette er ei organisering som i større grad gjer oss rusta til å møta behovet for samhandling på tvers internt og eksternt med gode samarbeidspartnarar. I tida framover må ny organisering få tid til å sette seg. Tilsette må få rom til å bli kjend med nye roller og det skal byggjast rutinar og kultur i nye kommunalområde slik at me held fram med å levera gode tenester framover.

Kommunestyret vedtok våren 2023 å invitere alle kommunane i Setesdalsregionen inn i eit prosjekt for å sjå på eit meir heilskapleg samarbeid innanfor heile det kommunale tenesteansvaret. Det var berre Evje og Hornnes som stilte seg positive til invitasjonen, men dei overlét samtidig til nytt kommunestyre å ta avgjerda om eventuell deltaking. Sjølv om ein ikkje fekk det svaret på initiativet som ein håpa på, har ikkje bakgrunnen for invitasjonen endra seg. Kommunen er framleis svært sårbar i forhold til enkelte personalgrupper og fagområde. Spesielt innanfor helse, oppvekst og på sentrale stillingar i stab. Det er som nemnt over gjort organisatoriske grep internt, men det er framleis eit sterkt behov for å tenkja meir

heilskaplege samarbeid på tvers av kommunegrensene på fleire område for å sikra robusthet og kraft til å møte dei auka krava til tenestene framover. Dette må i størst mogleg grad gjerast i faste forutsigbare blokk samarbeid slik Generalistkommuneutvalet tilrår. Held me fram som i dag vil me risikera større og mindre kollapsar innanfor både tenesteområde og personellkategoriar i åra som kjem.

Dei høge straumprisane har også i år sikra kommunen solide inntekter. Kommunen har god økonomistyring og har i 2023 både redusert gjelda til under anbefalt gjeldstak, gjort investeringar i nødvendig infrastruktur og sett av pengar på fond. Dei gode tala beskrivast detaljert i denne årsberetninga, men det er og viktig å understreke at sjølv om kommuneøkonomien nå er god er kraftinntektene svært usikre framover. Bygland har historisk sett ikkje vært flinke nok til å tilpasse driftsnivået til dei periodane kor kraftinntektene er låge. På kommunebarometeret for 2023 ligg Bygland på ein 328. plass av landets 356 kommunar på variabelen kosteffektiv drift. Det er alt for lågt, og viss me ikkje tar grep vil ein risikere tøffe kuttprosessar når inntektene går ned. Det er nå, når vi ikkje har det akutte presset på oss, vi har moglegheit til å ta dei gode grepa for å sikre ein berekraftig struktur og drift for framtida. Leiargruppa og dei tillitsvalte har allereie hatt dette på agendaen i felles møter og vil fortsette å arbeide med dette og i åra som kjem.

Avslutningsvis er det viktig å få fram at det blir jobba godt i alle kommunalområda. Medarbeidarundersøkinga gav oss gode tal på dedikerte medarbeidarar som bryr seg om samfunnsoppdraget sitt. Våre tilsette er utan tvil den viktigaste ressursen til kommunen, og dei står på kvar dag for å gjera livet best mogleg for innbyggjarane våre. Det er eit felles ansvar politisk og administrativt å sikre ramar for at det skal bli slik og i framtida.

John S. Sigridnes

Kommunedirektør



INNHALD

Årsberetning.....	5
1.1 Økonomisk oversikt etter art – drift	6
1.2 Bevillingsoversikt drift	9
1.3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling	12
1.4 Bevillingsoversikt investering	23
1.5 Bevillingsoversikt investering, til fordeling	25
1.6 Balanserekneskap	28
1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose	30
1.8 Det kommunale næringsfond.....	33
1.9 Organisering, likestilling og personale	35
1.10 Interkommunale samarbeid	37
1.11 Etisk standard og internkontroll	39
1.12 Befolkningsutvikling.....	41
1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal.....	42



ÅRSBERETNING

Årsberetninga er utarbeida i tråd med § 14-7 i kommunelova, og gir ein kort presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltal for 2023 og ei analyse av kommunen si finansielle stilling ved årsskiftet. I delkapittel 1.1 vert mellom anna kommunen sitt rekneskapsmessige resultat kommentert. Delkapittel 1.2 til 1.5 tek sikte på å kommentere og grunngje dei mest vesentlege budsjettavvika i drifts- og investeringsrekneskapen, medan 1.6 tek for seg kommunen sine eigendeler, eigenkapital og gjeld. For innhald elles, viser ein til innhaldslista ovanfor.



1.1 Økonomisk oversikt etter art – drift

	Note	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
1		-70 904 754	-69 892 000	-48 992 000	-67 632 714
2		-31 485 948	-31 453 000	-35 653 000	-32 873 045
3		-11 125 420	-11 180 000	-11 000 000	-9 607 966
4		-6 910 015	-7 200 000	-7 200 000	-6 972 257
5		-13 416 631	-4 195 000	-2 895 000	-4 282 238
6		-65 115 174	-52 076 500	-42 876 500	-43 006 981
7		-4 837 208	-4 230 000	-4 730 000	-5 034 182
8		-14 384 287	-14 678 730	-14 908 730	-15 128 902
9		-218 179 438	-194 905 230	-168 255 230	-184 538 286
10		94 886 649	92 318 151	86 318 151	87 341 316
11		22 047 982	21 945 616	13 945 616	19 842 415
12		59 573 762	55 795 049	53 481 049	53 668 812
13		23 342 218	15 192 064	17 347 064	20 141 312
14	4	9 464 735	9 300 000	9 300 000	9 343 888
15		209 315 346	194 550 880	180 391 880	190 337 742
16		-8 864 092	-354 350	12 136 650	5 799 456
17		-2 606 780	-2 350 000	-1 850 000	-1 485 274
18		-16 786 183	-16 860 000	-16 860 000	-8 386 931
19		0	0	0	0
20		6 399 598	6 398 000	5 498 000	3 436 311
21	7	7 148 522	7 000 000	6 190 000	7 262 886
22		-5 844 843	-5 812 000	-7 022 000	826 992
23		-9 464 735	-9 300 000	-9 300 000	-9 343 888
24		-24 173 670	-15 466 350	-4 185 350	-2 717 440
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
25		4 155 813	5 957 000	250 000	1 000 000
26	10	5 943 758	3 218 750	3 218 750	4 495 931
27	10	-5 796 242	-5 327 400	-5 327 400	-5 868 576
28		19 870 341	13 894 000	8 100 000	3 090 084
29		0	-2 276 000	-2 056 000	0
30		0	0	0	0
31		24 173 670	15 466 350	4 185 350	2 717 440
32		0	0	0	0
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)					

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk før disponeringar av både ubundne og bundne fond. Netto driftsresultat er kr 24.173.670, tilsvarande 10,2 % av brutto driftsinntekter. Statleg tilråding er at dette talet burde vere kr 4.157.517, tilsvarande 1,75 %, som vil seie at kommunen ligger over anbefalt nivå i 2023. Dei siste åra har kommunen hatt resultat under 1,75 %, og i tillegg eit negativt resultat i 2019, så det gode resultatet i 2023 er med på å vege opp for dei åra kor kommunen har hatt dårlegare økonomiske resultat enn anbefalt.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 6.451.154, før strykningar. Dette vert å rekne som det rekneskapsmessige resultatet til kommunen. Mindreforbruk etter strykningar svarar til 5.976,341. Dette talet kjem fram etter det er gjennomført strykningar jf. § 4-3 i økonomiforskrifta til kommunelova, som lyder som følger:

Hvis driftsregnskapet viser et mindreforbruk etter at disposisjonene i § 4-1 er gjennomført, skal mindreforbruket reduseres så mye som mulig ved å stryke bruk av disposisjonsfond.

Hvis regnskapet fortsatt viser et mindreforbruk etter strykningene, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidligere års merforbruk. Et mindreforbruk som ikke dekker inn et merforbruk skal avsettes til disposisjonsfond.

Første avsnitt betyr at budsjettert bruk av disposisjonsfond, også øyremerka disposisjonsfond, skal strykast. I 2023 ville kommunen lagt opp til bruk av dei øyremerka disposisjonsfonda flyktningefond, bygdebokfond og einingsfond Bygland oppvekstsenter på totalt kr 2.276.000, viss mindreforbruket hadde blitt som budsjettert (kr 0). I staden viste det seg at mindreforbruk før strykningar var på kr 6.451.154. Då følgjer det av første avsnitt i § 4-3 (ovanfor) at «mindreforbruket [skal] reduseres så mye som mulig ved å stryke bruk av disposisjonsfond». Dette inneberer at budsjettert bruk av flyktningefond, bygdebokfond og einingsfond Bygland oppvekstsenter på totalt kr 2.276.000 vert stroke. I tillegg til strykningane, så vart avsetning til disposisjonsfond etter delegert fullmakt kr 2.907.647 høgare enn budsjettert. Dette gjeld i første rekke pensjonsfondet og flyktningefondet.

Avsetning til disposisjonsfond vart på totalt kr 19.840.727. Dette består av avsetning til flyktningefond for Ukraina-flyktningane på kr 3.220.150, avsetning av nettoinntekta frå premieavvik til pensjonsfond (kr 12.898.734), og avsetninga av mindreforbruket etter strykningar på kr 3.068.394, til ordinært disposisjonsfond. Etter dette har ein gjort interne justeringar mellom dei ulike disposisjonsfonda slik at saldo for fonda samsvarar med kva som er reelt til overs etter kostnadane som har vore på desse områda i 2023.

Historisk høge kraftinntekter gir høgt netto driftsresultat

Høge straumprisar i 2022 og til dels i 2023, sørga for at kommunen sine kraftrelaterte inntekter var historisk høge i 2023. Dette, saman med integreringstilskot til busetting av flyktningar frå Ukraina, er dei største årsakene til at inntektene er om lag 43 mill. høgare i 2023 enn i 2022. Av inntektene som har auka mest, kan ein nemne konsesjonskraftinntektene, som er om lag 23 mill. høgare i 2023 enn i 2022, utbytte frå Å Energi, som har auka med dryge 8 mill. og integreringstilskot, som har gått opp med nesten 7 mill. Dette bidreg til at kommunen sitt netto driftsresultat i 2023 er det klart høgaste som har vore i nyare tid.

Høgt utgiftsnivå og høgare rente dreg resultatet ned noko. Renteutgiftene har auka med nesten 3 mill. samanlikna med 2023, og lønn har auka med 7,5 mill., som er dels grunna høg lønnsvekst (5,4 %), og dels grunna litt auke i talet på årsverk. Pensjonsutgiftene var og ekstraordinært høge i 2023, kor samla pensjonskostnad i prosent av pensjonsgrunnlaget var på om lag 32 % (dette talet er normalt i storleiken 15-20 %). 6,1 mill. til rundkøyringa på Bygland ligg og inne, under posten Overføringar og tilskot til andre, men denne blei finansiert av eit tilskot på 6 mill., og har difor liten verknad på kommunen sitt resultat i 2023. Kommunen har og hatt nokre ekstraordinære (budsjetterte) kostnadar i 2023 som bidreg til

at dei samla utgiftene aukar med om lag 10 % samanlikna med 2023. Desse utgjer om lag 4,5 mill. og gjeld vedlikehald av bygg, tilskot ved sal av Nesodden Industribygg AS til under marknadspris, anleggsbidrag til fiberkabel i Otra (1 mill., som seinare vert finansiert av eksterne midlar, når dei naudsynte vedtaka er gjort i SIPR og Agder fylkeskommune), og IKT-relaterte utgifter i samband med at kommunen har blitt med i IKT Agder.

Utover dette viser ein til dei kommentarane som er gjort under rekneskapsskjema:

- § 5-4, 1 Bevillingsoversikt drift, delkapittel 1.2
- § 5.4, 2 Bevillingsoversikt drift, til fordeling (budsjettområder), delkapittel 1.3
- § 5-5, 1 Bevillingsoversikt investering, delkapittel 1.4
- § 5-5, 2 Bevillingsoversikt investering, til fordeling (investeringsprosjekt), delkapittel 1.5
- § 5-6, Økonomisk oversikt drift, delkapittel 1.1
- § 5-8, Balanserekneskapen, delkapittel 1.6

Paragrafane viser til økonomiforskrifta til kommunelova.



1.2 Bevilgningsoversikt drift

	Note	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
1		-70 904 754	-69 892 000	-48 992 000	-67 632 714
2		-31 485 948	-31 453 000	-35 653 000	-32 873 045
3		-11 125 420	-11 180 000	-11 000 000	-9 607 966
4		-7 215 346	-7 450 000	-7 450 000	-7 206 545
5		-120 731 468	-119 975 000	-103 095 000	-117 320 270
6		102 403 912	110 318 650	105 929 650	113 787 350
7	4	9 464 735	9 300 000	9 300 000	9 343 888
8		111 868 647	119 618 650	115 229 650	123 131 238
9		-8 862 821	-356 350	12 134 650	5 810 968
10		-2 606 134	-2 350 000	-1 850 000	-1 485 274
11		-16 786 183	-16 860 000	-16 860 000	-8 386 931
12		0	0	0	0
13		6 397 682	6 400 000	5 500 000	3 424 799
14	7	7 148 522	7 000 000	6 190 000	7 262 886
15		-5 846 114	-5 810 000	-7 020 000	815 480
16		-9 464 735	-9 300 000	-9 300 000	-9 343 888
17		-24 173 670	-15 466 350	-4 185 350	-2 717 440
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
18		4 155 813	5 957 000	250 000	1 000 000
19	10	5 943 758	3 218 750	3 218 750	4 495 931
20	10	-5 796 242	-5 327 400	-5 327 400	-5 868 576
21		19 870 341	13 894 000	8 100 000	3 090 084
22		0	-2 276 000	-2 056 000	0
23		0	0	0	0
24		24 173 670	15 466 350	4 185 350	2 717 440
25		0	0	0	0
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)					

Generelle (frie) driftsinntekter

For å vise dette er dei ulike inntektene ført opp med budsjett for 2023 og rekneskapstal for 2023 og 2022.

	Note	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
1 Rammetilskot		-70 904 754	-69 892 000	-48 992 000	-67 632 714
2 Inntekts- og formuesskatt		-31 485 948	-31 453 000	-35 653 000	-32 873 045
3 Eigedomsskatt		-11 125 420	-11 180 000	-11 000 000	-9 607 966
4 Andre generelle driftsinntekter		-7 215 346	-7 450 000	-7 450 000	-7 206 545
5 Sum generelle driftsinntekter		-120 731 468	-119 975 000	-103 095 000	-117 320 270

Summen av frie inntekter er budsjettert med kr 119.975.000. Rekneskapen viser at desse inntektene vart kr 120.731.468, altså 0,6 % meir enn budsjettert og 2,91 % meir enn i 2022. Kommunen bruker KS sin prognosemodell som beste estimat for rammetilskot og inntekts- og formuesskatten. Siste estimering vert gjort i oktober og viss det skjer store endringar i premissa for modellen den siste perioden av året, for eksempel ved at skatteveksten tar seg betydeleg opp samanlikna med tidlegare i året, kan det bli budsjettavvik. 2023 vart til dels eit slikt år, og rammetilskotet vart om lag 1 mill. høgare enn budsjettert, men inntekter frå inntekts- og formuesskatt traff betre i høve budsjettala.

Eigedomsskatteinntektene er litt lågare enn budsjettert. Under «andre direkte eller indirekte skattar» inngår konsesjonsavgiftene, som i sin heilskap vert sett av til næringsfondet, og naturressursskatten, som er ein del av inntektsutjamninga saman med dei ordinære skatteinntektene. Desse inntektene vart litt lågare enn dei budsjetterte tala. Totalt sett så kan ein slå fast at generelle driftsinntekter vart nesten 0,8 mill. høgare enn budsjettert, og dei er difor ein viktig del av kommunen sitt mindreforbruk i høve budsjett.

Finansinntekter/ -utgifter

	Note	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
10 Renteinntekter		-2 606 134	-2 350 000	-1 850 000	-1 485 274
11 Utbytte		-16 786 183	-16 860 000	-16 860 000	-8 386 931
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
13 Renteutgifter		6 397 682	6 400 000	5 500 000	3 424 799
14 Avdrag på lån	7	7 148 522	7 000 000	6 190 000	7 262 886
15 Netto finansutgifter/-inntekter		-5 846 114	-5 810 000	-7 020 000	815 480

Netto finansutgifter (positivt forteikn i tabellen over indikerer utgift, negativt er lik inntekt) vart på 100,6 % av dei budsjetterte tala. Renteinntektene vart nesten 11 %, nesten kr 250.000, høgare enn budsjettert. Dette skuldast «forsiktig» budsjettering og det faktum at 2023 var eit år som var finansielt vanskeleg å predikere. Utbytte inkluderer berre utbytte frå Å Energi i 2023 og 2022. Ein gjer merksam på at den betydelege auka i utbytte frå Å Energi, frå 8,4 mill. til 16,8 mill., er hovudårsaken til at kommunen sine netto finansinntekter er om lag 6,7 mill. høgare enn i 2022, då kommunen hadde ein nettoutgift på 0,8 mill. Det er og verdt å merke seg at netto renteutgifter har auka med litt over 1,8 mill., kor renteutgiftene har auka med 87 %, medan renteinntektene har auka med 75 %. At renteinntektene har auka mindre har samanheng med at kommunen sin likviditet har tidvis vore, relativt sett, svakare enn i 2022, grunna høg reguleringspremie betalt til KLP i 2023.

Disponering av netto driftsresultat

	Note	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
18 Overføring til investering		4 155 813	5 957 000	250 000	1 000 000
19 Avsetningar til bundne driftsfond	10	5 943 758	3 218 750	3 218 750	4 495 931
20 Bruk av bundne driftsfond	10	-5 796 242	-5 327 400	-5 327 400	-5 868 576
21 Avsetningar til disposisjonsfond		19 870 341	13 894 000	8 100 000	3 090 084
22 Bruk av disposisjonsfond		0	-2 276 000	-2 056 000	0
23 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0

Negativt beløp i tabellen indikerer netto bruk av fond, medan positivt beløp er lik avsetning til fond. Budsjettavviket på avsetning til disposisjonsfond skuldast primært mindreforbruk etter strykningar på 3 mill., samt ei avsetning av ubudsjettert integreringstilskot til flyktningefondet. Bruk av disposisjonsfond er 0 grunna strykningsbestemmingane. Overføring til investering på 4,15 mill. er gjort for å halde langsiktig gjeld under måtalet, som seier at langsiktig gjeld maksimalt skal vere 75 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Overføring til investering vart lågare enn budsjettert, då det ikkje var behov for å overføre meir enn dette for å saldere investeringsrekneskapen.

Avsetning til bundne driftsfond er betydeleg høgare enn budsjettert, primært grunna tilskot til omstillingsprosjektet, som vart inntektsført og sett av til fond mot slutten av året (om lag 1,4 mill.), samt for lågt budsjettert renteavkastning på næringsfondet. Renteinntektene frå næringsfondet vert i sin heilskap sett av til næringsfondet, og dette utgjorde om lag 0,8 mill. i 2023. Samla avsetning til næringsfondet utgjorde rundt 4,2 mill., medan det berre var budsjettert med 3,2 mill. Bruk av bundne fond var på nesten 5,8 mill., som er noko høgare enn budsjettert. Dette gjeld primært bruk av næringsfond (4 mill.), bruk av sjølvkostfond (nesten 0,7 mill.) og omklassifisering av eit bundne fond, frå bunde til disposisjonsfond. Resten er diverse øyremerkta midlar som er bruka i samsvar med formåla.

1.3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling

Tabellen under viser rekneskap og budsjett per driftseining (budsjettområde).

	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavleg budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	3 026 928	2 922 000	2 622 000	2 124 028
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	3 026 928	2 922 000	2 622 000	2 124 028
Bevilling drift, netto budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	16 858 195	16 986 000	15 148 000	14 730 073
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-39 966	-50 000	-50 000	-26 943
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	16 818 228	16 936 000	15 098 000	14 703 130
Bevilling drift, netto budsjettområde 201 Kultur	1 917 055	2 457 000	2 422 000	1 893 261
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	325			11 358
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		-720 000	-500 000	
Sum budsjettområde 201 Kultur	1 917 380	1 737 000	1 922 000	1 904 619
Bevilling drift, netto budsjettområde 300 Bygland oppvekstsenter	19 973 696	20 219 000	19 517 000	20 154 794
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	1 463			-160 288
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		-119 000	-119 000	50 800
Sum budsjettområde 300 Bygland oppvekstsenter	19 975 159	20 100 000	19 398 000	20 045 306
Bevilling drift, netto budsjettområde 302 Byglandsfjord oppveksts.	11 909 721	12 612 000	12 096 000	11 536 948
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				-29 839
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 302 Byglandsfjord oppvekstsenter	11 909 721	12 612 000	12 096 000	11 507 109
Bevilling drift, netto budsjettområde 31 Helse	3 818 753	6 257 000	7 373 000	6 794 752
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-18 195			-207 235
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	3 220 150	-137 000	-1 437 000	2 116 224
Sum budsjettområde 31 Helse	7 020 708	6 120 000	5 936 000	8 703 741
Bevilling drift, netto budsjettområde 33 Pleie og omsorg	39 626 458	41 004 000	36 671 000	35 937 433
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	9 300			29 490
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 33 Pleie og omsorg	39 635 758	41 004 000	36 671 000	35 966 923
Bevilling drift, netto budsjettområde 35 Drift og forvaltning	17 486 454	17 921 000	17 255 000	17 668 480
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	81 726			47 604
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 35 Drift og forvaltning ekskl. VARF	17 568 180	17 921 000	17 255 000	17 716 085

Bevilling drift, netto budsjettområde 40 VARF	3 658 980	2 991 650	2 596 650	2 735 793
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-618 413	-786 650	-786 650	-544 250
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 40 VARF (vatn, avlaup, renovasjon, feiing)	3 040 566	2 205 000	1 810 000	2 191 543
Bevilling drift, netto budsjettområde 41 Store prosjekt	2 483 329	4 672 000	7 222 000	2 901 629
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	1 440 400			-139 420
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 41 Store prosjekt	3 923 729	4 672 000	7 222 000	2 762 209
Bevilling drift, netto budsjettområde 80 Eksterne samarbeid	22 233 616	22 364 000	22 364 000	16 674 300
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-207 625	-300 000	-300 000	545 560
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 80 Eksterne samarbeid	22 025 991	22 064 000	22 064 000	17 219 860
Bevilling drift, netto budsjettområde 90 Andre sentrale innt. og kostn.	-40 589 274	-40 087 000	-39 357 000	-19 364 140
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-742 063	-132 000	-132 000	-548 000
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	13 581 797	11 900 000	8 100 000	
Sum budsjettområde 90 Andre sentrale inntekter og kostnader	-27 749 540	-28 319 000	-31 389 000	-19 912 140
Sum bevillingar drift, netto	102 403 912	110 318 650	105 929 650	113 787 351
Sum overføring til investering	0	0	0	0
Sum netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-93 048	-1 268 650	-1 268 650	-1 021 962
Sum netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	16 801 947	10 924 000	6 044 000	2 167 024
Sum budsjettområda	119 112 811	119 974 000	110 705 000	114 932 413

Overordna kommentar

Oversikta over er tatt frå avstemmingssystemet som vert nytta i samband med avslutning av rekneskapen og viser avvik mellom budsjett og rekneskap per eining. Einingane har styrt etter budsjettala «Sum budsjettområde» gjennom året, men ein er og pliktig å rapportere på talet «Bevilling drift, netto».

Einingane har samla sett eit forbruk på 99,3 % av budsjett («Sum budsjettområda» ovanfor). Ein har treft godt med budsjettet på dei fleste einingane, men einingane med dei største overforbruka har blitt «offer» for bestemmingane i § 4-3 i økonomiforskrifta til kommunelova, som seier at bruk av disposisjonsfond, også øyremerkta einingsfond, skal strykast viss kommunen har eit budsjettmessig mindreforbruk. Denne strykninga er på totalt 2,05 mill., og får ein negativ effekt på forbruket på einingane Helse (1,35 mill. i bruk av flyktningefondet vert stroke) og Kultur (0,7 mill. i bruk av bygdebokfondet vert stroke). Begge desse einingane har difor relativt store overforbruk. Ein gjer også merksam på at nokre av einingane sine budsjett har blitt betydeleg justert i løpet av året, både oppover og nedover. Desse endringane har blitt kommentert i tertialrapportane og 3. budsjettjustering, og vil ikkje bli kommentert ytterlegare i årsmeldinga. Kommenterarar til dei enkelte einingane følgjer i dei neste avsnitta.

Politisk styring og kontroll

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023:

Forbruk	Rekneskap	Regulert	Opphavelig	Rekneskap
---------	-----------	----------	------------	-----------

	2023	2023	budsjett	budsjett	2022
Bevilling drift, netto eining 10 Politisk styring og kontroll	103,59 %	3 026 928	2 922 000	2 622 000	2 124 028
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond					
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 10 Politisk styring og kontroll	103,59 %	3 026 928	2 922 000	2 622 000	2 124 028

Kommentar:

Det vart vedteke store endringar i godtgjersla for folkevalde i Bygland kommune ved inngangen til 2023. Dette har gjort det meir krevjande å budsjettere denne eininga enn normalt. Basert på dei faktiske rekneskapstala for 2023, kan ein allereie no slå fast at det vil vere behov for å auke budsjettet for denne eininga i 1. tertialrapport 2024.

KOSTRA-tala viser at kommunen sine driftsutgifter per innbyggjar til politisk styring var fjerde høgast blant kommunane i Agder i 2023. Berre kraftkommunane Bykle, Åseral og Sirdal har høgare utgifter til politisk styring enn Bygland i 2023.

Stab og fellesutgifter

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023:

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 20 Stab og fellesutgifter	99,25 %	16 858 195	16 986 000	15 148 000	14 730 073
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	79,93 %	-39 966	-50 000	-50 000	-26 943
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 20 Stab og fellesutgifter	99,30 %	16 818 228	16 936 000	15 098 000	14 703 130

Kommentar:

Eininga inkluderer mellom anna kommunedirektøren sin stab (HR, økonomi og administrasjon), beredskap, fellesutgifter, stabseininga Samfunnsutvikling, pedagogisk rådgjevar, tilskot til kyrkjeleg fellestråd, frivilligsentral, hovudtillitsvalt og hovudverneombod.

Auka frå 2022 til 2023 er på 14,4 %, tilsvarande 2,1 mill. Den største årsaka til dette er at 2023 er første året kor stillinga som leiar for Samfunnsutvikling, får heilårseffekt i rekneskapen. I 2022 var det berre tilsett nokon i denne stillinga i knappe to månadar, medan i 2023 var denne heiltidsstillinga bemanna heile året. Dette utgjer ein utgiftsauke frå 2022 til 2023 på 1,1 mill. I tillegg så var stillinga for kart og oppmåling plassert under eininga Drift og forvaltning i store deler av 2022, medan i 2023 har denne stillinga i sin heilskap vore plassert under Samfunnsutvikling. Dette utgjer ei utgiftsauke på dryge 0,5 mill. Det har elles vore betydeleg høgare utgifter til overtid enn tidlegare, grunna innføring av ny heimeside, nytt ERP-system, jobbing med arealdelen og asylsaka. Auka her utgjer om lag 0,3 mill. Delvis vakanse på HR-leiarstillinga i 2022, gjorde at utgiftene her var 0,3 mill. lågare enn i 2023. Alt dette er med på å forklare kvifor eininga har hatt ein utgiftsauke som er betydeleg høgare enn lønnsveksten på 5,4 %.

Kultur

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023 (før strykningar):

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 201 Kultur	78,02 %	1 917 055	2 457 000	2 422 000	1 893 261
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		325			11 358
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0,00 %	-714 154	-720 000	-500 000	
Sum eining 201 Kultur	69,27 %	1 203 226	1 737 000	1 922 000	1 904 619

Kommentar:

Eininga inkluderer ansvarsområda ungdomsklubben, kultur, ungdomsrådet, bygdebok (som vert saldert av fond) og bibliotek.

Eininga har eit mindreforbruk på 30,73 % før strykningar. Dette skuldast blant anna at kulturleiarstilling har stått vakant i nær 9 månadar og at det har vore noko redusert aktivitet i delar av året. I tillegg så blei det utbetalt om lag kr 230.000 mindre i kulturmidlar og andre tilskot enn budsjettert. Ungdomsrådet og ungdomsklubben brukte totalt over kr 200.000 mindre enn budsjettert. Samtidig har ein i 2023 planlagt utbygging av ny ungdomsklubb og nytt bibliotek og utstillingslokale som ein reknar med vil auke aktiviteten framover.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023 (etter strykningar):

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 201 Kultur	78,02 %	1 917 055	2 457 000	2 422 000	1 893 261
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		325			11 358
Bruk av disposisjonsfond (strykast)	0,00 %	-714 154	-720 000	-500 000	
Sum eining 201 Kultur	110,38 %	1 917 380	1 737 000	1 922 000	1 904 619

Kommentar:

Eininga har ikkje styrt etter desse tala gjennom året, og dei vert difor ikkje kommentert. Ein viser elles til den overordna kommentaren om strykningsbestemminga i innleiinga til delkapittel 1.3.

Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter

Kommentar for begge oppvekstsentra:

Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter sett under eitt, er under regulert budsjett, med eit forbruk på 97,47 %. Det er lønnskostnader, energikostnader og transportkostnader som utgjer dei største utgiftene til dei to einingane. Samla lønnsutgifter ligg på 98,13 % av regulert budsjett. Når det gjeld energikostnader, har oppvekstsentra, samla sett, eit forbruk på 91,35% av regulert budsjett, medan transportkostnadene ligg på 105,30 %. Inntektene frå brukarbetalingar er litt høgare enn budsjettert.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023 – Bygland oppvekstsenter:

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 300 Bygland oppvekstsenter	98,79 %	19 973 696	20 219 000	19 517 000	20 154 794
Overføring til investering					

Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		1 463			-160 288
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0,00 %		-119 000	-119 000	50 800
Sum eining 300 Bygland oppvekstsenter	99,38 %	19 975 159	20 100 000	19 398 000	20 045 306

Kommentar:

Eininga Bygland oppvekstsenter, som inkluderer skule 1.-10. trinn, SFO og barnehage, har eit forbruk på 99,38 % av budsjett. Vaksenopplæringa, som er ei teneste kommunen kjøper av Evje og Hornnes kommune, vert og kostnadsført under denne eininga. Denne tenesta vert finansiert av tilskot frå IMDi. Budsjettjusteringa i løpet av året er i ein heilskap relatert til lønnsvekst i samband med lønnsoppgjeret, ei justering ein gjer for alle kommunen sine budsjetteiningar.

Dei samla kostnadane til eininga er redusert med kr 70.000 samanlikna med 2022, trass lønnsvekst på 5,4 %. Dette er i første rekke grunna ein reduksjon på over kr 500.000 i energiutgifter. Fjernvarmeavtalen til oppvekstsenteret følgjer spotpris på straum, noko som har gitt store svingingar i utgiftene på dette området dei to siste årane, grunna store variasjonar i straumprisen.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023 – Byglandsfjord oppvekstsenter

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 302 Byglandsfjord oppveksts.	94,43 %	11 909 721	12 612 000	12 096 000	11 536 948
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond					-29 839
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 302 Byglandsfjord oppvekstsenter	94,43 %	11 909 721	12 612 000	12 096 000	11 507 109

Kommentar:

Eininga Byglandsfjord oppvekstsenter, som inkluderer skule 1.-7. trinn, SFO og barnehage, hadde eit mindreforbruk på 5,57 % i høve til regulert budsjett. Budsjettauka i løpet av året er berre relatert til lønnsvekst i samband med ordinært lønnsoppgjer.

Effektiv nytte av bemanningsressursar gjer at ein ikkje har erstatta alt av sjukefråvær og permisjonar fullt ut. I tillegg har endringar og vakansar i administrasjonen ført til lågare lønnskostnader. Enkelttiltak er og kjøpt inn som tenester frå eksterne firma og kostnadsført under barnevernsbudsjettet, som gjer at lønnsutgiftene i eininga vart vesentleg lågare enn budsjettet.

Kostnadsauke samanlikna med 2022 er 3,5 %, som er under ordinært lønnsvekst, mellom anna grunna reduserte energiutgifter.

Helse

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023 (før strykningar):

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 31 Helse	61,03 %	3 818 753	6 257 000	7 373 000	6 794 752
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-18 195			-207 235
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		2 117 565	-137 000	-1 437 000	2 116 224
Sum eining 31 Helse	96,70 %	5 918 123	6 120 000	5 936 000	8 703 741

Kommentar:

Eininga hadde i 2023 eit samla forbruk på 96,70% av budsjetterte utgifter. Dette tilsvarar eit mindreforbruk på omlag kr 200.000. Bygland har, saman med Evje og Hornnes og Åseral, ved fleire anledningar forsøkt å rekruttere psykolog, som det er lovfesta at alle kommunar skal ha tilgang på. Dette har endå ikkje lukkast. Midlane avsett til dette, på kr 245.000, er difor ikkje brukt i 2023, og er den største årsaka til mindreforbruket. Husleigeinntektene har vore omlag kr. 60.000 lågare en det det var budsjettert med, og dreg mindreforbruket litt andre vegen.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023 (etter strykningar):

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 31 Helse	61,03 %	3 818 753	6 257 000	7 373 000	6 794 752
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-18 195			-207 235
Avsetningar til disposisjonsfond		3 220 150	-137 000	-1 437 000	2 116 224
Bruk av disposisjonsfond (strykast)		-4 102 585			
Sum eining 31 Helse	114,72 %	7 020 708	6 120 000	5 936 000	8 703 741

Kommentar:

Eininga har ikkje styrt etter desse tala gjennom året, og dei vert difor ikkje kommentert. Ein viser elles til den overordna kommentaren om strykningsbestemminga i innleiinga til delkapittel 1.3.

Pleie og omsorg**Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023:**

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 33 Pleie og omsorg	96,64 %	39 626 458	41 004 000	36 671 000	35 937 433
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		9 300			29 490
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 33 Pleie og omsorg	96,66 %	39 635 758	41 004 000	36 671 000	35 966 923

Kommentar:

Eininga, som inkluderer Byglandsheimen, open omsorg og habilitering hadde samla sett eit forbruk på omlag 96,66 % av budsjetterte utgifter. Dette tilsvarar eit underforbruk på omlag kr. 1.370.000.

Årsakene til underforbruket skuldast i stor grad mindre lønsutgifter enn det som det var budsjettert med. Ergoterapeuten sa opp stillinga si i mai, og ein har ikkje funne løysingar for å erstatte denne. I tillegg har eininga gjennom året ikkje prioritert å tilsette vikar for avdelingsleiar som har hatt permisjon.

Eininga har hatt eit betydeleg sjukefråvær i løpet av året. Avdelingane Byglandsheimen og Open omsorg har hatt hhv. 15,25 % og 20,00% sjukefråvær i 2023. Til tross for høgt sjukefråvær er lønskostnadane, med fråtrekk av refusjonar frå NAV stat, på 95,72% av budsjetterte kostnader. Årsaka til dette er mellom anna at ein har prioritert oppgåver, og utnytta dei administrative ressursane på ein effektiv måte.

Inntektene har vore omlag kr 380.000 høgare en det det vart budsjettert med.

Det har vore eit overforbruk på enkelte postar i budsjettet. Det har vore betydeleg prisstiging i utgifter til mat, medisinar og forbruksmateriell. Ein ser og at utgifter til div. pliktige lisensar er stigande.

Drift og forvaltning

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023:

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 35 Drift og forvaltning	97,58 %	17 486 454	17 921 000	17 255 000	17 668 480
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		81 726			47 604
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 35 Drift og forvaltning	98,03 %	17 568 180	17 921 000	17 255 000	17 716 085

Kommentar:

Forbruket balanserer i høve gjeven budsjetttramme. Uforutsette hendingar er uungåelege både i positiv og negativ retning i høve utgangspunktet for budsjetttramma. Av dei større avvika i negativ retning nemnast:

- ❑ Brannen i Årdalshallen gav ein ubudsjettetert eigenandel på forsikringa a kr 50 000,-
- ❑ Digital infrastruktur Byglandsfjord oppv senter blei flytt frå investering til drift fordi prosjektet blei for lite til å kunne gå i investering. Kr 37 872,-
- ❑ Havarert varmpumpekompressor på Byglandsheimen. Kr 37 455,-
- ❑ Bytte av varmesirkulasjonspumpe Bygland oppv senter. Kr 38 420,-
- ❑ Reperasjon av fleire varmeelement på EL – kjele Byglandsheimen. Kr 33 000,-
- ❑ Havari på 20 år gml moppevaskemaskin. Blei kjøpt ny. Kr 24 000,-
- ❑ Brannsentral Byglandsheimen, kr 30 000,-
- ❑ Vintervedlikehaldet blei kr 578 852,- høgare enn budsjettetert, trass i at dette budsjettet vart auka med kr 500.000 i løpet av året.

Den mest avgjerande bygg – og anleggsmassen til kommunen fungerer i det daglege, men det blir akkumulert vedlikehaldsetterslep kvart år med sette økonomiske rammer. Her ligg utfordringar i å utvikle bygga som endå betre arbeidsplassar, bruksvenlegheit, energibruk og lovkrav. Visse vegstrekningar inklusiv vegbruforvaltninga ligg det også behov for oppgraderingar.

Mannskapssituasjonen har vori stabil med lite sjukefråvær. Lønnskostnadane er nokolunde i samsvar med budsjett, med eit overforbruk på 0,99 %. Av andre store budsjettpostar, kan det nemnast at energiutgiftene vart om lag kr 300.000 lågare enn budsjettetert.

VARF (vatn, avløp/slam, renovasjon, feiing)

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023:

	Forbruk 2023	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
Bevilling drift, netto eining 40 VARF	122,31 %	3 658 980	2 991 650	2 596 650	2 735 793
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	78,61 %	-618 413	-786 650	-786 650	-544 250
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 40 VARF	137,89 %	3 040 566	2 205 000	1 810 000	2 191 543

Kommentar:

Samla har alle fem ansvarsområda eit overforbruk à kr 835 566. Hovudårsakane til overforbruket er at pensjonsutgiftene vart om lag kr 300.000 høgare enn budsjettert, og at inntekter frå tilkoplingsavgifter vart over ein halv million lågare enn budsjettert.

Vassverk

Lønns-, drifts- og vedlikehaldskostnadane har eit overforbruk på kr 10 511 samanstilt med budsjettramme på kr 1.720.000. Inntektene blei kr 309.276 mindre enn budsjettert. Det var underbudsjettert med kr 233.000,- i tilkoplingsavgifter som ikkje blei gjennomført. Under budsjettarbeidet hausten 2022 var det ein intensjon om at m.a. avlyste VA-prosjekt Bygland Sør (Hamren) skulle gi fleire VA-tilkoplingar. Inntektene frå dei kommunale årsavgiftene blei også kr 76.276 lågare enn budsjettert. Sistnemnde vil gi årlege variasjonar sidan mange abonnentar betalar vassforbruket etter målt forbruk gjennom vassmålarar.

Vassverksdrifta gjennom året har elles har i det store og heile fungert bra. Det blir elles vist til nyleg vedteken "Hovudplan for VA", som overordna oppsummerer viktige tilhøve ved vassverksdrifta i kommunen.

Avløp

Lønns-, drifts- og vedlikehaldskostnadane har eit overforbruk på kr 119.651,-. Noko maskin- og programvareutskiftingar på Byglandsfjord RA har også generert nokre ubudsjetterte driftskostnadar. Anlegget har gått sidan 2013, og det vil vere naturleg at ulike maskindelar må vedlikehaldast og byttast ut. Inntektene blei kr 326.326 mindre enn budsjettert. Avløp blir på same måten som vassforbruk, mykje målt gjennom vassmålar. Forbruket vil variere frå år til år.

Det var også budsjettert med kr 312 000,- i påkoplingsavgifter, men det blei ikkje utført påkoplingar. Under budsjettarbeidet hausten 2022 var det ein intensjon om at m.a. avlyste VA-prosjekt Bygland Sør (Hamren) skulle gi fleire VA-tilkoplingar.

Det nye reinseanlegget på Nesmoen har gått veldig greitt, og reinsekrava for baa anlegga er tilnærma tilfredsstillande. Me har p.t. ikkje lukkast å rette opp i nokre avvik gitt av Statsforvaltaren etter tilsyn på avløpssektoren ennå. Det må skje i 2024, og krev prioritering av arbeidstid.

Det blir elles vist til vedteken hovudplan VA for meir informasjon om avløpsområdet.

Slam (tømming av private avløpsanlegg)

2023 var ikkje hovudår for tømming av private septiktankar. Dette skjer annankvart år. Ansvarsområdet i 2023 har eit negativt avvik på kr 53 881,-. Dette skuldast fleire tilfeldige tømmingar enn budsjett la opp til. Avviket vil kunne bli retta opp igjen i 2024 som er hovudår for tømming av private slamtankar.

Renovasjon

Ansvarsområdet balanserer i høve budsjett.

Feiing

Tenesta hadde eit overforbruk på kr 84 950,- i 2023. Dei kommunale årsavgiftene utgjorde ei inntekt på kr 883 793 sett saman med budsjettert inntekt på kr 910 000,-. Lisenskostnadar til sjølvkostmodellen Momentum og pensjonskostnadar forklarar avviket endå noko, men det er eit behov for å samordne Setesdal brannvesen sine databasar over pipeløp betre med kommunen sine oversiktar.

Store prosjekt

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023:

Forbruk	Rekneskap	Regulert	Opphavelog	Rekneskap
---------	-----------	----------	------------	-----------

	2023	2023	budsjett	budsjett	2022
Bevilling drift, netto eining 41 Store prosjekt	53,15 %	2 483 329	4 672 000	7 222 000	2 901 629
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		1 440 400			-139 420
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 41 Store prosjekt	83,98 %	3 923 729	4 672 000	7 222 000	2 762 209

Kommentar:

Eininga inneheld følgjande driftsprosjekt i 2023:

- ❑ Oppstart av omstillingsprosjektet
- ❑ Fiberkabel
- ❑ Tilskot ved sal av Nesodden Industribygg AS
- ❑ Samanslåing av Drift og forvaltning og Samfunnsutvikling (konsulentkostnader)
- ❑ Moglegheitsstudium Byglandsfjord
- ❑ Utstilling
- ❑ Geovekst
- ❑ Rundkøyning Bygland

Omstillingsprosjektet

Kommunen har i 2023 hatt utlegg på 110.000kr, dette vart dekt av eksterne midlar og gjekk til konsultentselskapet BDO som har hatt arbeidet med Strategi- og forankringsfasen, samt rekrutteringselskapet Headvisor som fekk oppdraget med å finne Moglegheitsutviklar (dagleg leiar av programmet).

Fiberkabel

Kommunen har hatt utlegg på 1 mill. i anleggsbidrag til fiberkabel i Otra. I og med at denne fiberkabelen er kritisk infrastruktur for alle kommunane i Setesdal, vil den bli finansiert av Setesdal interkommunalt politisk råd og eventuelt Agder fylkeskommune, men dei rakk ikkje å gjere vedtak om dette før nyttår, så refusjonen knytt til dette, vil ikkje bli inntektsført før i 2024.

Tilskot ved sal av Nesodden Industribygg AS

Under utgreiing av saka, vart det konkludert med at selskapet vart selt direkte til ein kjøpar til under marknadspris. Difor måtte kommunen føre differansen mellom salsprisen og taksert verdi av selskapet som tilskot i driftsrekneskapen og inntekt i investeringsrekneskapen. Budsjettert overføring frå drift til investering ble justert ned vesentleg pga. dette, sidan dette førte til ein betydeleg inntekt i investeringsrekneskapen, som ikkje var budsjettert. Summen utgjorde om lag 2,2 mill.

Prosess samanslåing av Drift og forvaltning og Samfunnsutvikling

Det er i 2023 brukt 85.000 kr på ekstern bistand i forbindelse med samanslåingsprosessen. Konsulent Olav Grande, som var ansvarleg for rapporten frå Telemarksforskning bidrog inn i ei Workshop-rekke hausten 2023.

Moglegheitsstudium Byglandsfjord

Vi har fått tilskot frå Agder fylkeskommune til utarbeiding av ein moglegheitsstudie for Byglandsfjord sentrum som skal bidra til kunnskapsgrunnlaget til vidare utvikling av bygda. Studien ser på transformasjon av industriområde og styrking av nærmiljøet til bustadområda i kvadraturen og stasjonsområdet. Den ser på auka variasjon i bustadmarknaden i kombinasjon med tilrettelegging for næring og gode friområde. Arbeidet med moglegheitsstudien er i slutfasen og vil presentert i løpet av våren 2024.

Utstilling

Etter Gullfunnutstillinga hausten 2022 vart det i 2023 inngått ein samarbeidsavtale mellom Bygland kommune, Agder fylkeskommune og Kulturhistorisk museum i Oslo (Aust Agder museum og arkiv er også tenkt med, i form av faglege bidrag). Denne avtalen har ført til ei utvida satsing på arkeolog og vikingtid i Bygland og på forsommaren blei arkeologisdag arrangert samt ein nasjonal konferanse som var innmeldt til Europarådet. Vidare arbeid tek sikte på å opne ei ny utstilling på Bygland sommaren 2024. Det er bruka kr 133.000 på utstillinga i 2023.

Geovekst

Geovekst er eit samarbeid om felles etablering, forvaltning, drift, vedlikehald og bruk av geografisk informasjon. Partane er kommunen, Kartverket, NVE, Telenor, Bane NOR, Statens vegvesen, fylkeskommunen, Energi Norge og landbruksdepartementet med underliggende etatar. Det er bruka kr 85.000 på dette i 2023.

Rundkøyning Bygland

Fylkeskommunal arm og statleg del av rundkøyninga må kommunen føre i driftsrekneskapen som eit tilskot. Utgifta til dette i 2023 var om lag 6,1 mill. Av dette blei 6 mill. dekt av eksterne midlar. Rundkøyninga er ferdig og ein ventar ikkje fleire utgifter knytt til denne, med unntak av utgifter til utsmykking, som er eit eige prosjekt i 2024.

Samla kostnadar til rundkøyninga er på om lag kr 12,9 mill. i driftsrekneskapen i 2022 og 2023. Kommunen har i same periode fått 12,5 mill. i tilskot, som også er ført i driftsrekneskapen. I tillegg vil det bli inngått justeringsavtale med fylkeskommunen, som gjer at kommunen får att mva. på den fylkeskommunale armen av rundkøyninga. Mva. av denne delen utgjer over 0,8 mill. Den kommunale rundkøyingsarmen er ført i investeringsrekneskapen, og utgjer ein utgift på kr 2,1 mill. ekskl. mva., som kjem i tillegg til den nemnte utgifta på 12,9 mill. Kommunen har ikkje fått ekstern finansiering til den delen av rundkøyninga som er ført i investering.

Eksterne samarbeid

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023:

	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Forbruk	Rekneskap 2022	Endring frå 2022 til 2023
Fellesutgifter	346 465	370 000	93,64 %	293 011	18,24 %
Kontrollutvalet	151 000	151 000	100,00 %	140 500	7,47 %
Revisjon	703 500	645 000	109,07 %	699 000	0,64 %
IKT	3 929 376	4 500 000	87,32 %	3 304 366	18,91 %
PPT	763 712	825 000	92,57 %	696 213	9,70 %
Musikk og kulturskule	570 180	500 000	114,04 %	462 388	23,31 %
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	425 600	437 000	97,39 %	425 600	0,00 %
Setesdal barnevern	5 643 203	4 521 000	124,82 %	3 802 520	48,41 %
Legetenesta	4 276 615	4 555 000	93,89 %	2 386 162	79,23 %
Lokalmedisinske tenester	601 347	618 000	97,31 %	560 399	7,31 %
Setesdal Brannvesen IKS	2 983 065	2 842 000	104,96 %	2 839 372	5,06 %
NAV Midt-Agder	1 498 750	1 750 000	85,64 %	1 237 525	21,11 %
Gorrlaus	72 677	350 000	20,76 %	0	-
Vassdragstyre for øvre Otra	60 501	0		372 804	-83,77 %
Netto driftsramme	22 025 991	22 064 000	99,83 %	17 219 860	27,91 %

Kommentar:

Under fellesutgifter ligg driftstilskot til Setpro og Etablerersenteret Agder IKS.

IKT har ei betydeleg auke i utgiftene frå 2022 til 2023, som er relatert til onboarding-kostnader i samband med at kommunen har blitt med i IKT Agder. Utgiftene til musikk- og kulturskule har auka med 23 % sidan 2022, sidan det er fleire elever frå Bygland som nyttar seg av dette tilbodet i 2023 enn i 2022.

Setesdal barnevern Setesdal barnevern består av 5,2 stillinger fordelt på tre kommuner. Dette er stillinger som jobber med alle faser av en barnevernssak – mottak av melding, undersøkelse, tiltak, fosterhjem og ettervern.

Setesdal barnevern hadde i 2023 en liten oppgang i antall bekymringsmeldinger for Bygland kommune sammenlignet med året før. Det var et relativt likt antall undersøkelser som året før. Antall tiltakssaker og barn som har mottatt tiltak fra barneverntjenesten i løpet av året ligger stabilt fra året før. Antall barn i fosterhjem har ligget stabilt de to siste årene. Det er for Bygland kommune en økning av kjøp fra private aktører på barnevernfeltet gjennom 2023 – dette beror på krevende enkeltsaker som trenger omfattende tiltak. Setesdal barnevern drifter i tillegg tiltak selv og har selv funksjon rundt veiledning i hjemmet. Dette var tjenester som tidligere, i stor grad, ble kjøpt inn. Det har vært fokus på å dreie utgiftene fra tiltak utenfor hjemmet til tiltak i hjemmet og det er utarbeidet klare rutiner og retningslinjer for avlønning av besøkshjem og fosterhjem slik at vi følger nasjonale retningslinjer på området. Dette sammen med at det i 2023 ikke har vært saker inne for rettssystemet har det vært mindre utgifter til tiltak utenfor hjemmet - noe som tidligere var den største utgiftsposten for barnevernet i Bygland. Vi har i år langt på vei kommet i mål med å få ned utgiftene på tiltak utenfor hjemmet til et gjennomsnittlig nivå nasjonalt. Vi bruker imidlertid mer midler på tiltak i hjemmet pr barn i Bygland enn det nasjonale gjennomsnittet.

Oppsummert er det et lite underforbruk i Bygland kommune sett opp mot budsjett for 2023. Dette beror på de faktorer som beskrevet ovenfor.

Korttids sykefravær i tjenesten var i 2023 på 1,62 %. Langtids sykefravær i tjenesten var i 2023 på 11,47 %. Samlet sykefravær er derfor på 13,09 %. Dette beror på en ansatt som har vært delvis sykemeldt over tid.

Utover dette viser ein til årsmeldingane til dei einskilde samarbeida.

Andre sentrale inntekter og kostnader

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2023:

	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Forbruk	Rekneskap 2022	Endring frå 2022 til 2023
Mva-kompensasjon	0	0		-5 401 600	-100,00 %
Konsesjonskraft-/avgifter	-37 787 404	-37 740 000	100,13 %	-13 861 401	172,61 %
Bruk næringsfond	2 062 727	1 890 000	109,14 %	2 032 822	1,47 %
Sjølvkost	-4 078 576	-4 069 000	100,24 %	-3 605 820	13,11 %
Premieavvik	0	0		-3 236 438	-100,00 %
Pensjonsføringar	11 036 515	11 000 000	100,33 %	2 990 794	269,02 %
Anna	1 017 214	600 000	174,47 %	1 169 502	-10,49 %
Netto driftsramme	-27 749 540	-28 319 000	97,99 %	-19 912 141	39,36 %

Kommentar:

Mva-kompensasjonen (inntekt) er frå og med 2023 ført direkte på einingane. Bruk av næringsfond i tabellen ovanfor inkluderer berre bruk av næringsfond innanfor denne eininga. For fullstendig bruk av næringsfond, viser ein til delkapittel 1.8. Under «Anna» ligg mellom anna ei erstatningssak som er unnateke offentlegheit (kr 600.000), samt tapsavsetting knytte til kundefordringar.

1.4 Bevilingsoversikt investering

	Note	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
1 Investeringar i varige driftsmidlar	4, 18	10 978 097	12 092 000	11 727 000	5 400 756
2 Tilskot til andre sine investeringar		0	0	0	0
3 Investeringar i aksjar og andeler i selskap	5	520 241	521 000	500 000	471 847
4 Utlån av egne midlar	6	0	0	0	1 000 000
5 Avdrag på lån	7	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter		11 498 338	12 613 000	12 227 000	6 872 603
7 Kompensasjon for meirverdiavgift		-1 795 661	-1 659 000	-1 627 000	-514 110
8 Tilskot frå andre	19	-464 000	-2 534 000	-200 000	-64 500
9 Sal av varige driftsmidlar	4	-850 000	-850 000	-2 100 000	-1 403 846
10 Sal av finansielle anleggsmidlar		-2 361 067	-10 000	0	0
11 Utdeling frå selskap		0	0	0	0
12 Mottekne avdrag på utlån av egne midlar		-100 000	0	0	0
13 Bruk av lån		-1 812 000	-1 812 000	-7 550 000	-4 682 565
14 Sum investeringsinntekter		-7 382 727	-6 865 000	-11 477 000	-6 665 021
15 Vidareutlån (startlån)	6	1 881 170	2 000 000	1 000 000	0
16 Bruk av lån til vidareutlån		-1 881 170	-2 000 000	-1 000 000	0
17 Avdrag på lån til vidareutlån	7	325 678	500 000	500 000	1 507 901
18 Mottekne avdrag på vidareutlån		-489 015	-500 000	-500 000	-2 476 837
19 Netto utgifter vidareutlån		-163 337	0	0	-968 936
20 Overføring frå drift		-4 155 813	-5 957 000	-250 000	-1 000 000
21 Avsetningar til bundne investeringsfond	10	208 186	170 000	0	1 363 470
22 Bruk av bundne investeringsfond	10	-44 849	0	0	-394 534
23 Avsetning til ubundet investeringsfond		695 000	695 000	0	1 400 000
24 Bruk av ubundet investeringsfond		-654 798	-656 000	-500 000	-607 582
25 Dekning av tidlegare års udekkede beløp		0	0	0	0
26 Sum overføring frå drift og netto avsetningar		-3 952 274	-5 748 000	-750 000	761 354
27 Framført til inndecking i seinare år (udekkede beløp)		0	0	0	0

Investeringsutgifter

Line 1, investeringar i varige driftsmidlar, vert kommentert i avsnitt 1.5 Bevilingsoversikt drift, til fordeling. Kjøp av aksjar og andelar gjeld eigenkapitaltilskot til KLP og kapitalinnskot ved etablering av Etablerersenteret i Agder IKS, og samsvarar med budsjett. Dette vert dekt av ubunde investeringsfond.

Investeringsinntekter

Dei største budsjettavvika her er innan budsjettpostane Tilskot frå andre og Sal av finansielle anleggsmidlar. Mot slutten av året vart det vurdert at salet av Nesodden Industribygg AS ikkje skjedde til marknadspris. Dette inneber at differansen

mellom salsprisen på kr 10.000 og selskapsverdien på dryge 2,2 mill., må først som tilskot (utgift) i driftsrekneskapen, og inntekt i investeringsrekneskapen. Denne vurderinga vart gjort etter siste budsjettjustering, og bidreg til budsjettavviket på Sal av finansielle anleggsmidlar. I tillegg så vart selskapet Setesdal informasjons og kompetansesenter AS, som kommunen hadde ein eigarandel i, avvikla, som gjorde at kommunen også fekk om lag kr 130.000 i ubudsjettert inntekt knytte til sal av finansielle anleggsmidlar mot slutten av året.

Budsjettavviket på Tilskot frå andre, heng saman med avviket på Sal av finansielle anleggsmidlar. Det var opphavleg budsjettert med at deler av tilskotet til finansiering av rundkøyringa på Bygland, skulle først i investering, men då kommunen fekk om lag 2,3 mill. meir i inntekter frå sal og avvikling av selskap enn budsjettert, har ein i staden valt å føre heile tilskotet til rundkøyringa i driftsrekneskapen. Midlane til rundkøyringa var uansett ikkje øyremerka til drift- eller investeringsrekneskapen.

Mottekne avdrag på utlån av egne midlar, gjeld avdrag på næringsutlån innvilga av kommunestyret i 2022. Bruk av lån gjeld bruk av ubruka lånemidlar frå tidlegare år. Det vart ikkje teke opp nytt langsiktig lån for å finansiere investeringar i 2023.

Vidareutlån

Det har blitt innvilga to startlån i 2023, på totalt kr 1.881.170. Før desse låna vart innvilga, hadde det ikkje blitt innvilga startlån i kommunen sidan 2019.



1.5 Bevilningsoversikt investering, til fordeling

	Rekneskap 2023	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2022
Investeringar i varige driftsmidler				
207 Nytt IKT-system økonomi og personal	991 327	1 000 000	0	0
301 Digital infrastruktur Byglandsfjord oppvekstsenter	0	0	200 000	0
451 Flyktningebil	245 000	250 000	250 000	0
557 Avløpsledning frå Raubekk til Hamren	94 676	150 000	300 000	57 894
563 Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	218 885	200 000	250 000	0
574 VA Presteneset	0	0	300 000	0
575 Automatisering/digitalisering Byglandsfjord reinseanlegg	360 707	330 000	300 000	0
576 Fordrøyningstank	0	0	150 000	0
577 Oppgradering av Nesmoen gjenvinningsstasjon	0	0	150 000	0
578 VA-leidningar for påkobling av nye abonnentar	0	0	600 000	0
601 Uteareal Bygland oppvekstsenter	0	0	0	650 797
603 Turveg Byglandsfjord	0	0	400 000	0
606 Rehabiliterer ventilasjonsanlegget i symjehallen	1 474 794	1 500 000	1 100 000	0
607 Dagsturhytta	1 179 375	1 180 000	300 000	0
651 Inventar til biblioteket	0	0	125 000	0
753 Kommunal veg Presteneset	1 080 062	2 600 000	2 600 000	0
754 Utsmykking i rundkøyringa på Byglandsfjord	0	100 000	100 000	0
756 Elbilladarar kommunale bygg	0	0	312 000	0
757 Rundkøyring Bygland	2 682 271	2 450 000	0	0
804 Kartverk - Geovekstprosjektet	0	0	200 000	143 207
809 Sal bustader	134 557	135 000	0	135 735
817 Kjøp tomtegrunn	0	250 000	250 000	0
828 IFK-plan (idrett, friluftsliv og kultur)	0	0	0	131 262
847 Utvikling av Presteneset	0	0	0	1 325 302
869 Bygland kulturscene	850 000	920 000	920 000	0
876 Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland	0	0	250 000	0
878 Stasjonsområdet Byglandsfjord	64 073	70 000	500 000	399 122
883 ENØK-tiltak Byglandsheimen	0	0	0	140 849
887 Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen	641 125	500 000	0	55 865
889 Forprosjekt rehabiliterer firemannsbustad Bygland	0	0	450 000	0
890 Leilegheit Bygland	0	0	0	1 900 724
891 Ny psykiatribil	0	0	0	460 000
892 Robotvaskemaskin	0	0	200 000	0
893 Robotgrassklypparar	116 316	117 000	150 000	0
894 Målretta ENØK-tiltak	526 225	0	1 000 000	0
895 SD-styring Byglandsfjord oppvekstsenter	138 124	140 000	120 000	0
898 Oppgradering av utstyr og låsesystem i Årdalshallen	0	0	250 000	0
899 Rehabilitering av Priveten	180 582	200 000	0	0
Sum investeringar i varige driftsmidler	10 978 099	12 092 000	11 727 000	5 400 757

Investeringer i aksjar og andelar i selskap

951 Eigenkapitalinnskot KLP	507 468	508 000	500 000	471 847
99 Etablerersenteret IKS	12 773	13 000		
Sum investeringar i aksjar og andelar	520 241	521 000	500 000	471 847

Kommentarar til kvart prosjekt

For kommentarar om prosjekt som er sett til 0 i løpet av året, viser ein til tertialrapportane og 3. budsjettjustering.

Prosjekt 207: Nytt IKT-system økonomi og personal

I samband med at kommunane i Setesdal har blitt med i IKT Agder, har kommunane måtte bytte ERP-system til systemet som blir bruka av kommunane i IKT Agder. Kommunane i Setesdal har dessutan hatt det same økonomisystemet såpass lenge, at sjølv viss ikkje dei blei med i IKT Agder, måtte dei lagt ut ERP-systemet på anbod uansett. Innføringa av det nye systemet har gått som planlagt, og det vart teke i bruk frå 01.01.24.

Prosjekt 451: Flyktningebil

I samsvar med kommunestyrevedtak desember 2022, vart det kjøpt inn ein bil til flyktingetenesta. Det var ein Toyota Corolla hybrid som i størst grad tilfredstilte kriteria i anbodskonkurransen.

Prosjekt 557: Avløpsleidning frå Raubekk til Hamren

Prosjektet blei prosjektert og det blei gjennomført anbodskonkurransen. Kommunestyret valde å ikkje gjennomføre byggeprosjektet grunna for høg anbodspris.

Prosjekt 563: Rehabilitering av kloakkreinse- og pumpestasjonar

Prosjektet gjaldt pumpestasjon på Ose, og er gjennomført.

Prosjekt 575: Automatisering/digitalisering Byglandsfjord reinseanlegg

Prosjektet blei kr 30 707 dyrare enn budsjettet. Dette hadde samanheng med uforutsett elektrikkararbeid.

Prosjekt 606: Rehabilitering ventilasjonsanlegget i symjehallen

Prosjektet er ferdig. Det blei gjennomført kr 25 206 billigare enn budsjettet.

Prosjekt 607: Dagsturhytta

Dagsturhytta er ferdig bygd og der er gitt ferdigattest. Prosjektgruppa har ikkje bestemt opningsdato endå, men det blir på vårparten 2024.

Prosjekt 753: Kommunal veg Presteneset

Statens vegvesen har vore kontaktpunkt ovanfor entreprenøren i dette prosjektet, sidan kommunal veg til Presteneset vart lyst ut i same anbodskonkurransen som rundkøyringa på Bygland. Økonomisk rapportering frå Statens vegvesen til kommunen undervegs i prosjektet, har vore på det totale anbudet, ikkje på kommunal veg og rundkøyring kvar for seg. Undervegs er det rapportert om at det totale prosjektet har vore i samsvar med budsjettet i anbudet, men det var først i siste avrekning frå entreprenøren, etter kommunen si siste budsjettjustering, det kom fram at den kommunale vegen vart betydeleg billigare enn budsjettet. Dette er årsaka til budsjettavviket på dette prosjektet.

Prosjekt 757: Rundkøyring Bygland

Denne kostnaden gjeld den kommunale armen av rundkøyringa på Bygland, som kommunen kan føre i investeringsrekneskapan og få meirverdiavgiftskompensasjon på. Jf. kalkylar frå Statens vegvesen, er kostnadane for rundkøyringa fordelt med 17,5 % kommunal del, 55 % statleg del og 27,5 % fylkeskommunal del. Utgifta for dei to sistnemnte delane vert

ført i driftsrekneskapen som tilskot, sidan dette ikkje er investering på kommunen sin grunn. Den fylkeskommunale delen kan kommunen krevje mva-refusjon på gjennom justeringsavtale med fylkeskommunen.

Prosjekt 809: Sal bustadar (kostnadar til taksering)

Einebustaden Prestlidi 52 blei seld for kr 850 000,-. Trekt frå meglaroppgjær, utarbeiding av tilstandsrapport m.v., så blei nettoinntekta kr 715 443.

Prosjekt 869: Bygland kulturscene (ventilasjon)

Prosjektet er ferdig. Kr 70 000,- under budsjettsum a kr 920 000,-

Prosjekt 878: Stasjonsområdet Byglandsfjord

Prosjektet famna om å rehabilitere ny lasterampe til Pakkbua og kartlegging av bygget med tanke på mogeleg bruksendring. Noko gravemaskinarbeid og grusing ligg også til tiltaket.

Prosjekt 893: Robotgrassklipparar

Desse er kjøpt inn. Det er litt utfordringar med å få dei til å fungere optimalt på fotballbanen.

Prosjekt 894: Målretta ENØK-tiltak

Det var litt underkapasitet til å greie å prosjektere og følgje opp bruk av kr 1 000 000,-. Det blei gjennomført tiltak for kr 526 225,-. Mykje lysarmatur blei bytta med ledteknologi, i hovudsak på Bygland oppvekstsenter, og eksisterande SD-anlegg blei utvida, slik at temperaturregulering kan bli programert og fjernstyrt.

Grunna intern misforståing i prosjektverktøyet kommunen brukar, vart dette prosjektet sett til kr 0 i 3. budsjettjustering, sjølv om det heile tida har vore planlagt å bruke midlar på dette prosjektet. Dette er årsaka til budsjettavviket.

Prosjekt 895: SD-styring Byglandsfjord oppvekstsenter

Prosjektet er gjennomført i henhald til budsjett.

Prosjekt 899: Rehabilitering av Priveten

Arbeidet held fram i 2024 der det er planlagt å måle bygget samt mure opp igjen pipa som hovudaktivitetar.

Prosjekt 951: Eigenkapitalinnskot KLP

Pensjonsfonda i KLP aukar kvart år og fører med seg eit behov for auka eigenkapital. Som eigar i KLP må kommunen betale tilskot til nødvendig oppbygging av eigenkapital slik at KLP kan oppretthalde tilfredsstillande soliditet. Dette er nødvendig for at KLP også framover skal ha moglegheit til å oppnå gode resultat i finansmarknadar som svingar. Innskotet er i samsvar med budsjett i 2023.

Prosjekt 99: Etablerersenteret i Agder IKS

Jf. kommunestyrevedtak i 2022, har kommunen skote inn kr 12.773 i eigarkapital i Etablerersenteret IKS.

1.6 Balanserekneskap

Omløpsmidlar

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Endring i kroner	i %
Bankinnskot og kontantar	68 757 054,26	66 047 269,54	2 709 784,72	4,10 %
Obligasjonar (omløpsmidlar)			0,00	
Sertifikat			0,00	
Kundefordringar	658 556,00	6 022 730,46	-5 364 174,46	-89,07 %
Konserninterne kortsiktige fordringar	1 534 069,00	58 000,00	1 476 069,00	2544,95%
Derivat			0,00	
Andre kortsiktige fordringar	8 431 113,64	7 120 270,17	1 310 843,47	18,41 %
Aksjar og andeler (omløpsmidlar)			0,00	
Premieavvik	30 874 102,24	18 076 672,13	12 797 430,11	70,80 %
SUM OMLØPSMIDLAR	110 254 895,14	97 324 942,30	12 929 952,84	13,29 %

Kommentar:

Positivt netto driftsresultat og låge kundefordringar (grunna overgang til nytt økonomisystem), er blant årsakane til at bankinnskot har auka med om lag 2,7 mill. Høg reguleringspremie på pensjon (om lag 15 mill.) bidreg til at bankinnskotet ikkje aukar meir enn det gjer, trass i at netto driftsresultat var over 24 mill. Bruk av ubruka lånemidlar frå tidlegare år til å finansiere investeringar, i staden for å ta opp nytt lån, bidreg og til å redusere bankinnskotet. Konserninterne fordringar er fordringar kommunen har ovanfor kommunale føretak kommunen er med i, for eksempel IKS.

Akkumulert premieavvik reknar ein med vil reduserast på lengre sikt sidan kommunen må amortisere («skrive ned») balanseførte premieavvik med 1/7 kvart år. Amortiseringa vert å sjå på som ein kostnad i rekneskapen, og denne kostnaden er venta å bli større med åra, i og med at premieavvika dei siste åra har vore på fleire millionar, seinast i 2023 var dei på nesten 17 mill., vil det bli store kostnadar til amortisering i framtida. Kommunen har difor satt av kr 17,9 millionar på fond som kan nyttast i dei åra kor inntektsført premieavvik vert lågare enn dei kostnadsførte amortiseringane.

Anleggsmidlar

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Endring i kroner	i %
Pensjonsmidlar	271 437 349,69	250 437 718,13	20 999 631,56	8,39 %
Aksjar og andeler (anleggsmidlar)	15 367 228,00	16 086 987,00	-719 759,00	-4,47 %
Utlån (anleggsmidlar)	6 654 983,10	5 364 828,10	1 290 155,00	24,05 %
Konserninterne langsiktige fordringar			0,00	
Utstyr, maskiner og transportmidlar	5 755 788,92	6 618 844,33	-863 055,41	-13,04 %
Faste eigedomar og anlegg	204 065 311,28	203 216 896,84	848 414,44	0,42 %
Immaterielle eigendeler			0,00	
Obligasjonar (anleggsmidlar)			0,00	
SUM ANLEGGSMIDLAR	503 280 660,99	481 725 274,40	21 555 386,59	4,47 %

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga i anleggsmidla frå 2022 til 2023. Samla vart anleggsmidla auka med kr 21,6 millionar. Auka i anleggsmidlar skuldast nesten utelukkande auke i pensjonsmidlar. Kommunale pensjonsordningar er finansierte gjennom fondsopplegg. Dette inneber at det blir betalt inn midlar til pensjonsordninga til dekning av framtidige pensjonsutbetalingar. Formålet med dette er å sikre at dei tilsette har dekning for sine tente rettar til einkvar tid. Det er desse midlane som er inkludert i dei dryge 270 millionane kommunen har i pensjonsmidlar.

Kortsiktig gjeld

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Endring i kroner	i %
Likviditetslån			0,00	
Anna kortsiktig gjeld	-20 294 208,14	-17 311 879,59	-2 982 328,55	17,23 %
Konsernintern kortsiktig gjeld	-1 303 527,90	-1 277 114,83	-26 413,07	2,07 %
Derivat			0,00	
Leverandørgjeld	-4 631 389,10	-11 137 099,85	6 505 710,75	-58,41 %
Premieavvik	-114 767,00	-216 071,00	101 304,00	-46,88 %
SUM KORTSIKTIG GJELD	-26 343 892,14	-29 942 165,27	3 598 273,13	-12,02 %

Kommentar:

Den kortsiktige gjelda er lågare enn i 2022. Konsernintern kortsiktig gjeld utgjer ca. kr 1,3 millionar av den forpliktinga. Dette er kortsiktig gjeld til IKS, kommunale føretak og liknande som kommunen er med i. Negative premieavvik er balanseført som kortsiktig gjeld. Desse premieavvika skal og amortiserast dei komande åra, men i motsetnad til dei positive premieavvika som er balanseført som kortsiktige fordringar, vil amortiseringa av desse premieavvika ha ein positiv effekt på kommunen sitt driftsrekneskap. Ser ein desse tala i samanheng med tala i avsnittet om omløpsmidlar, kan ein seie at netto premieavvik til amortisering (utgiftsføring) i komande år er lik kr 30,8 millionar (opp frå 17,8 millionar i 2022).

Langsiktig gjeld

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Endring i kroner	i %
Pensjonsforplikting	-266 504 639,37	-253 360 935,56	-13 143 703,81	5,19 %
Obligasjonslån			0,00	
Obligasjonslån med forfall i neste rekneskapsår			0,00	
Sertifikatlån			0,00	
Gjeld til kredittinstitusjonar	-134 286 988,68	-141 761 188,68	7 474 200,00	-5,27 %
Konsernintern langsiktig gjeld			0,00	
SUM LANGSIKTIG GJELD	-400 791 628,05	-395 122 124,24	-5 669 503,81	1,43 %

Kommentar:

Oversikta syner at langsiktig gjeld unnateke auka pensjonsforplikting, har gått ned med cirka kr 7,5 millionar. Kommunen betalte kr 7,2 millionar i ordinære avdrag i 2023, og det vart ikkje teke opp nytt lån. Av andre lån er ca. kr 7,1 millionar knytt til startlån, som er ein reduksjon på 0,3 mill. Pensjonsforpliktinga er auka med over 13 millionar. Samla avvik mellom midlar og forplikting knytt til pensjon er på 4,9 mill. i positivt favør (dette var 3 mill. i negativ retning i 2022).

Eigenkapital

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Endring i kroner	i %
Bundne driftsfond	-26 256 370,07	-26 108 854,26	-147 515,81	0,57 %
Ubundet investeringsfond	-1 452 465,61	-1 412 263,61	-40 202,00	2,85 %
Bundne investeringsfond	-1 819 825,73	-1 656 488,73	-163 337,00	9,86 %
Disposisjonsfond	-54 940 956,74	-35 070 615,58	-19 870 341,16	56,66 %
Prinsippendr, som påverkar arbeidskap. invest.			0,00	
Prinsippendr. som påverkar arbeidskapitalen drift	1 951 787,00	1 951 787,00	0,00	0,00 %
Meirforbruk i driftsrekneskapen			0,00	
Udekka beløp i investeringsrekneskapen			0,00	
Kapitalkonto	-103 882 204,79	-91 689 492,01	-12 192 712,78	13,30 %
SUM EIGENKAPITAL	-186 400 035,94	-153 985 927,19	-32 414 108,75	21,05 %

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga frå 2022 til 2023. Disposisjonsfondet har auka med 19,9 mill. til dryge 54,9 mill. og består av følgjande fond per 31.12.23:

Fond	Saldo
Disposisjonsfond	13 556 947,15
Bygdebokfond	968 886,36
DFV Fond	1 000 000,00
Flyktingefond	9 561 018,71
Rentefond	1 000 000,00
Bygland oppvekstsenter	50 800,00
Premiefond Pensjon	17 898 734,11
Flyktingefond (Ukraina)	5 093 374,18
Meirforbruk/mindreforbruk	5 128 133,46
Fond til næringsfremmende formål (restmidlar frå næringsprosjektet Setesdal Vekst)	683 062,77
Sum disposisjonsfond	54 940 956,74

Som nemnt i avsnittet over, vil premiefondet kunne brukast i dei åra kor nettoeffekten av premieavvika er negativ. Her må det rett nok nemnast at netto premieavvik til utgiftsføring i kommande år utgjer om lag kr 30,8 millionar, så premiefondet er i så måte for lite til å dekkje kommande utgifter knytte til amortisering av premieavvik. Kommunen har all langsiktig gjeld med flytande rente, då dette i mange år var det mest gunstige. Rentefondet er i så måte ein «buffer» i fall renta skulle auke uventa mykje eit år det ikkje er dekning for det i det ordinære driftsbudsjettet. Ein vil vurdere om fastrente kan vere eit alternativ på deler av låneporteføljen, men skal fastrente lønne seg må ein gjerne be om tilbod i forkant av ei renteauke i marknaden. No har renteauka allereie skjedd, og det er difor lite truleg at ein vil få gode tilbod her. *Bundne* fond er auka med om lag kr 147.000 sidan 2022. Dette skuldast primært øyremerka tilskot som har blitt tilført kommunen tidlegare år, som vart bruka opp i 2023, og fond på sjølvkostområda, då primært bruk av renovasjonsfondet. Bundne fond er spesifisert i note 10 i rekneskapsversikta.

1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose

1.7.1 Ein kort analyse av dei finansielle nøkkeltala

Som forlenging av rekneskapskommentarane ovanfor, vil ein i dette delkapitlet vise dei finansielle nøkkeltala frå KOSTRA for 2023. Merk at dette er ureviderte tal per 15.03.24. Ein har valt å samanlikne kommunen med gjennomsnittet for KOSTRA kommunegruppe 14, som inkluderer kommunar med 600 til 1999 innbyggjarar og låge eller middels frie

disponible inntekter per innbyggjar. Ein har i tillegg valt å samanlikne kommunen med kommunane Åmli, Iveland og Hægebostad, som er dei andre Agder-kommunane, i tillegg til Bygland, som høyrer til i KOSTRA-gruppe 14.

	Åmli	Iveland	Bygland	Hægebostad	Kostragr. 14
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	8,6	14,8	10,9	1,0	2,6
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	32,7	36,7	27,2	15,8	22,2
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	21,3	-19,8	2,0	42,9	29,9
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter (%)	78,2	53,2	63,1	81,9	87,1
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	94522	85388	89743	85336	88749
Fri eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	20,1	41,3	27,0	12,1	18,6
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	9,6	7,4	5,1	14,3	13,9
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringar (%)	40,8	53,1	81,2	93,6	44,7

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk («overskot») før fondsdisponeringar. Som ein ser av den økonomiske driftsoversikta i delkapittel 1.1, samt tabellen ovanfor, så er Bygland kommune sitt netto driftsresultat positivt, og betydeleg høgare enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa. Dette har mest sannsynleg samanheng med at Bygland er ein kraftkommune, noko langt frå alle kommunane i KOSTRA-gruppa er. For eksempel Hægebostad har lite kraftrelaterte inntekter, noko deira netto driftsresultat berer preg av.

Noko som bidreg til at netto driftsresultat vert kunstig høgt, er nettoinntekta frå premieavvik på 12,8 mill. Premieavviket på totalt nesten 17 mill. (inntekt) må amortiserast over dei sju neste åra, som vil seie at 1/7 av 16,9 mill., om lag kr 2,4 mill., vert ein årleg kostnad frå og med 2024 til og med 2030. Difor er det anbefala at nettoinntekt knytt til premieavvik bør setjast av til pensjonsfond til dei auka pensjonskostnadane som kjem seinare. I 2023 er heile nettoinntekta frå premieavvik (12,8 mill.) sett av til fond.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Jo høgare tal, dess betre likviditet. Her kan kommunen vise til tal som er høgare enn kommunegruppa, men det må presiserast at den bundne delen av næringsfondet (17,8 mill.) og er inkludert i dette talet.

Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter på 2,0 % indikerer at ei renteoppgang på 1 prosentpoeng isolert sett vil «ete» 0,02 % av driftsinntektene. Dette talet viser altså i kva for grad kommunen er sårbar mot rentesvingingar. Som ein ser, så er dette talet vesentleg lågare enn både Hægebostad, Åmli og gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 14.

Når det gjeld gjeldsbelastning ser ein at kommunen ligg vesentleg lågare Åmli, Hægebostad og kommunegruppa. Kommunen ligg og under sitt finansielle måltal på dette området, eit måltal som er i tråd med Statsforvaltaren si anbefaling (75 %). Dette måltalet vert berekna ved å dividere langsiktig gjeld på brutto driftsinntekter, så når driftsinntektene stiger betydeleg frå 2022 til 2023, gjer dette og at måltalet vert lågare, sjølv om ikkje kommunen hadde redusert gjelda si. Frå 2022 til 2023 har kommunen riktig nok redusert langsiktig gjeld med 7,5 mill. (kor av 0,3 mill. gjeld startlån). Noko av dette skuldast og investeringsprosjekt som har blitt utsett til 2024.

1.7.2 Utvikling i dei finansielle nøkkeltala 2019-2023

	Bygland				
	2019	2020	2021	2022	2023
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	-5,4	1,2	1,0	1,5	10,9
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	27	34,2	34,5	30,3	27,2
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	34,9	39,8	13,4	8,1	2,0
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter (%)	80,7	90,2	91,9	78,9	63,1
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	81204	84764	88510	91758	89743
Fri eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	18,8	23,7	22,6	21,1	27,0
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	13,6	15,8	4,0	3,6	5,1

Eigenfinansiering av investeringane i % av totale brutto investeringar (%)	15,7	11,6	48,9	11,8	81,2
--	------	------	------	------	------

I 2023 gjekk målalet for likviditet – arbeidskapitalen – ned, primært grunna auke i brutto driftsinntekter, sidan målalet vert målt i forhold til nivået på brutto driftsinntekter, som var ekstraordinært høgt i 2023. Faktum er at likvide midlar har auka med nesten 3 mill. frå 2022 til 2023. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) har for det meste auka i samsvar med nivået på deflator i perioden 2019-2022. Stabilt innbyggjartal i den perioden var i stor grad årsaka til det. Innbyggjartalet i 2023 gjekk kraftig opp, primært grunna flyktningar frå Ukraina, noko som gjer at frie inntekter per innbyggjar vert, relativt sett, lågare enn i 2022, sidan i 2023 er det fleire innbyggjarar å dele inntekta på, som gir lågare inntekt per «hovud». Det er ikkje dermed sagt at kommunen sine samla frie inntekter har gått ned i same grad. Sanninga er snarare at kommunen får relativt høg vekst i frie inntekter når innbyggjartalet gjeng opp.

Nivået på langsiktig gjeld frå 2019 til 2023 kan sjåast i direkte samanheng med endringane i brutto investeringsutgifter, og nivået på brutto driftsinntekter. Høge brutto investeringsutgifter gjer at dette talet aukar, medan høge brutto driftsinntekter gjer at dette talet minkar. Talet i 2023 er ikkje fullt så høgt som i prognosane i økonomiplanen for 2023-2026, men dette er fordi faktiske brutto driftsinntekter alltid blir høgare enn budsjettert sidan ein ikkje budsjetterer med inntekter frå fråværsrefusjonar. Det kan og leggjast til at hovudårsaka til at målalet på langsiktig gjeld har gått ned, er fordi inntektene har gått opp. Om kommunen hadde hatt same inntekt i 2023 som i 2022, hadde målalet for langsiktig gjeld vore nærmare 70 %. Det er uvisst om det høge inntektsnivået vil vare, og med stadig stigande renter er det uansett ingen ulempe å redusere langsiktig gjeld. Dette vil og gi meir kapasitet til investeringar i framtida, om det skulle melde seg behov ein ikkje ser per dags dato.

Endring i nivået på disposisjonsfondet har primært samanheng med kommunen sitt økonomiske resultat det aktuelle året, og til dels om det er avsett store integreringstilskot til flyktningefondet, og om det har vore ekspansiv bruk av øymerka disposisjonsfond (bygdebokfond, flyktningefond mv.). Inntektene frå integreringstilskot minka i 2019, og dei har heldt fram å minke i 2020 og 2021, så 2021 vart første året kor kommunen måtte bruke av flyktningefondet i staden for å sette av midlar til det. I 2022 er det busett ei ny pulje med flyktningar, som gjer at netto avsetning til flyktningefonda var om lag 0,2 mill., og i 2023 har denne avsetninga auka til 3,2 mill. For talet «fri eigenkapital i prosent av brutto driftsinntekter» har kommunestyret vedteke eit måltal på 15 %, som vart gjeldande frå og med 2020. Ein ser no at kommunen ligg litt vesentleg dette målalet, men ein stor del av disposisjonsfondet er øymerka til diverse formål, t.d. flyktningar (15 mill.), auka pensjonsutgifter i framtida (18 mill.) og bygdebokskrivning (1 mill.), for å nemne noko.

Variasjonen i kommunen si eigenfinansiering av investeringar skuldast mellom anna variasjonar i investeringstilskot, som per definisjon inngår som eigenfinansiering. Dette kan for eksempel vere spelemidlar. Kommunen har ikkje lagt opp til ein bestemt finansieringsstrategi når det gjeld eigenfinansiering av investeringar, men i samband med at kommunen hadde ekstraordinært høge inntekter i 2023, vart det budsjettert med overføring av midlar frå drift til investering, som gjer at dette målalet er betydeleg høgare i 2023 enn tidlegare.

1.7.3 Utvikling i utvalte finansielle nøkkeltal 2023-2027 (prognose)

I dette avsnittet har ein valt å fokusere på utviklinga frå 2023 til 2027 i dei finansielle måltala som kommunestyret vedtok i saksnummer 105/2019 den 11.12.2019:

- Måltal for disposisjonsfond vert sett til minimum 15 % av driftsinntektene.
- Måltal for langsiktig gjeld vert sett til maksimum 75 % av driftsinntektene.
- Dei årlege driftsbudsjetta skal leggjast fram i balanse utan bruk av ordinært disposisjonsfond.

I dette delkapitlet har ein brukt prognosane i økonomiplanen for 2024-2027 som utgangspunkt. Det må presiserast at tala frå 2024 til 2027 er særst usikre, og dess lengre ut i perioden ein kjem, dess meir usikre er prognosane. Tala for 2022 til 2026 er som følgjer:

	2023	2024	2025	2026	2027
Bruk av (-) eller avsetning til (+) ordinært disposisjonsfond (i 1000 kr) -- måltal = 0<	5128	0	1677	1810	1784
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 75	64	70	71	70	68
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 15	22	23	24	25	26

Grønt indikerer at måltallet er nådd og vel så det, medan gult indikerer at kommunen er i nærleiken av måltallet, men det er ikkje heilt innfridd. Raudt indikerer at måltallet ikkje er nådd, og at kommunen er langt unna det. Dei for tida høge kraftinntektene gjer at kommunen kan vise til berre grønne tal i heile perioden. Det er likevel usikkert kor lenge inntektene vil bli på dagens nivå.

Disposisjonsfondet (frie midlar) har moderat positiv utvikling i perioden. Dette har først og fremst samanheng med auke i kraftinntekter, og at ein legg opp til litt mindre ekspansive budsjett dei siste årane i perioden.

1.8 Det kommunale næringsfond

Som det følgjer av § 6 i kommunen sine nyleg oppdaterte næringsfondsvedtekter, skal det leggjast fram ei melding om næringsfondet si verksemd for kommunestyret kvart år, som ein integrert del av kommunen si årsmelding.

Kommunen sitt næringsfond består av ein grunnkapital på kr 17.780.000 som må stå urørt:

Konsesjon	Beløp
Otteraaens Brugseierforening	1.000.000
Sira-Kvina (Sira-Kvina Kraftselskap)	30.000
Hekni kraftverk (Agder Energi AS)	1.000.000
Overføring av deler av Heisvassdraget til Hovatn (Otteraaens Brugseierforening)	500.000
Byglandsfjordkonsesjonen	15.250.000
Samla fondskapital	17.780.000

Disponeringa av næringsfondet i 2023 følgjer av tabell på neste side.

Talet nesten nedst i tabellen (kr 240.564) viser netto *avsetning* av næringsfondet i 2023, dvs. inntekter til næringsfondet (renteinntekter og konsesjonsavgifter) trekt frå kostnader knytte til bruk av næringsfondet. Dette aukar den ubundne kapitalen av fondet med kr 240.564 i løpet av 2023.


Den samla bruken av fondet er heilt i samsvar med budsjett. Dei feilbudsjetteringar som vore, kor kostnadane har blitt høgare enn budsjettert, har blitt kompensert av at bruken har vore lågare på andre område. Reiseliv gjeld drift av turistinformasjonen i 2023. Utviklingsprosjektet budsjettert med kr 600.000 endra karakter då kommunen vart omstillingskommune, og omstillingsprosjektet vart i sin heilskap dekt av eksterne midlar i 2023, som gjer at utgifta til dette er kr 0. Kostnaden til mogleighetsstudium på Byglandsfjord vart og mykje lågare enn budsjettert grunna eksterne tilskot. Tilskot Bjoren vart høgare enn budsjettert sidan det ligg inne driftstilskot for både 2022 og 2023 i 2023. Avdrag på gjeld er justert til slutt, slik at samla bruk av næringsfond vart som budsjettert i 2023.

<u>Disponering næringsfond</u>	<u>Regnskap</u>	<u>Budsjett</u>
IB pr 1.1.	<u>18 785 464</u>	
Årets tilgang:		
<i>Konsesjonskraftavgift</i>	3 403 600	3 200 000
<i>Renteinntekter</i>	<u>876 964</u>	<u>200 000</u>
Sum tilgang	4 280 564	3 400 000
Årets bruk:		
<i>Setesdal Regionråd</i>	1 300 000	1 300 000
<i>Avdrag på gjeld</i>	1 733 510	820 000
<i>Reiseliv</i>	90 000	90 000
<i>Landbrukstilskot</i>	169 777	167 000
<i>Reguleringsplan/moglegheitsstudium B.fjord</i>	13 763	500 000
<i>Sesilåmi</i>	10 000	-
<i>Tilskot Bygland Sikringsradiolag</i>	5 000	5 000
<i>Tilskot Norsk Landbruksrådgiving Setesdal</i>	30 000	30 000
<i>GPS-merkingsprosjekt villrein Setesdal Vesthei</i>	-	15 000
<i>Utviklingsprosjekt/omstilling</i>	-	600 000
<i>Lønnsandel næringsansvarleg</i>	230 000	230 000
<i>Tilskot Bjoren</i>	292 700	150 000
<i>Næringstilskot: Coop Ose</i>	132 500	133 000
<i>Næringstilskot: Lokalmatbutikk Grendi</i>	6 500	-
<i>Støtte til Bygland næringslag</i>	26 250	-
Sum bruk	4 040 000	4 040 000
<i>Investering</i>	-	-
Netto bruk/avsetning	240 564	-640 000
Saldo pr 31.12	19 026 028	
Bunden kapital	<u>17 780 000</u>	
Ubunden kapital pr 31.12	1 246 028	

1.9 Organisering, likestilling og personale

Organisering og overordna mål

Organisasjonskart:



Dette er organisasjonskartet per 31.12.23.

Fra 01.04.2024 er organisering tre-nivå med følgende kommunalområder:

- Samfunnsutvikling
- Oppvekst
- Helse og omsorg
- Økonomi og administrasjon
- Organisasjon og HR

Aktivitet og mål er forankra i vedteken kommuneplan, og går fram av vedteke budsjett/ økonomiplan.

Slagordet for Bygland er

“Med hjarta i Bygland”

Sjuefråvær

Sjuefråveret i 2023 har vore på 8,97 % gjennomsnittleg for heile kommunen, I 2021 og 2022 var dette talet høvesvis 6,33 % og 10,66 %. Einingane med flest tilsette, dvs. Helse og omsorg og oppvekstsektoren, har eit høgt fråver. I oppvekstsektoren ser ein at den høge fråversprosenten i større grad er knytt til enkeltpersonar.

Forhandlingar

I 2023 var det lokale forhandlingar heimla i kap. 3 og 5. Det blei ikkje brot i forhandlingane.

Likestilling, diskriminering og mangfold

Bygland kommune ønskjer at kommunens tilsetja skal spegla samansetninga til befolkninga. Det er ikkje sett i verk særskilte tiltak utanom det som alt fins i personalhandboka.

Alle arbeidsgivarar har ei lovpålagd plikt til å jobba aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindra diskriminering. Det er eit krav om og kartleggja lønnsforhold fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltidsarbeid.

Bygland kommune har p.t. ikkje oppfylt si aktivitetsplikt. Dette er mellomanna pga. litt stort arbeidspress og lite ressursar.

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønn som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

Kjønnsfordeling i leiargruppa per 31.12.23

- Tenesteleiar for oppvekst slutta per. 31.12.23
- Ny HR-leiar begynte per mai 23
- Tenesteleiar for Helse slutta per oktober 23
- Det blei konstituert 4 leiare høvesvis for Bygland skule, Bygland barnehage, Byglandsfjord skule og Byglandsfjord barnehage frå november 2023.

	% kvinner	% menn
Totalt	25 (50 inkl. konstituerte leiarar)	75 (50 inkl. konstituerte leiarar)

Generelle tiltak

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønn som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).
- Når stillingar skal lysas ut, forsøk i størst mulig grad å lyse dei ut som heile stillingar.
- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganiserast med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

Medarbeidarundersøking 2023

For Bygland kommune er kvar enkelt medarbeidar avgjerande for at me skal nå våre mål. Som ledd i utviklinga av medarbeidarane og verksemda samla sett, ønskjer me å arbeida systematisk med betringar. Vi ønsket difor å betra innsikta i kor me stod, og bli vurdert i forhold til andre gode verksemdar.

Hausten 2023 sette kommunedirektøren i verk medarbeidarundersøkinga “Great Place To Work” i samarbeid med BHT (bedriftshelsetenesta) – Medco. Medarbeidarundersøkinga vart forankra med dei tillitsvalde den 12.06.23 og AMU den 21.06.23, og dessutan at det vart gjennomført ein forankringsprosess hos alle leiarar.

Undersøkinga tilgjengeleg den 11. september 2023, og fram til 25. september 2023. I etterkant av undersøkinga vart resultatet framlagd for tillitsvalde, verneombod og leiarar. Videre blei kvar enkelt leiar beda om å gjennomgå undersøkinga for alle tilsetja og setja opp tiltak basert på dei funn som kom frami undersøkinga.

Tiltaksplan for kvar enkelt tenestoområde, og dessutan ein overordna tiltaksplan er enno ikkje utabeidet, men vil bli jobba med utover våren 2024.


Undersøkinga:

- Totalt 149 medarbeidarar i Bygland Kommune fekk invitasjon til å delta i undersøkinga i
- 91 medarbeidarar svarte på undersøkinga
- 61% svargrad

60 påstandar som måler grada av Tillit (truverd, respekt og rettferd), stolthet og fellesskap på arbeidsplassen

Resultat:

Gjennomsnitt alle påstander og «Alt tatt i betraktning»



1.10 Interkommunale samarbeid

Kommunen deltek i eit utvida omfang av interkommunale samarbeid. Sjå oversikt under, kor ein viser hovudpunkta. Bygland er ikkje vertskommune for IKS og følgjeleg rapporterer ikkje kommunerekneskapan for nokon av desse. For dei §27-samarbeida som kommunen er vertskommune for, syner ein til note 15 i rekneskapan for 2023. Nota er lagt inn under

oversikten over interkommunale samarbeid. Her finn ein utfyllande oversikt og rekneskapsinformasjon for kvart samarbeid som Bygland er vertskommune for.

	Type virksomhet	Type enhet	Kontor- /vertskommune
Agder kommunerevisjon IKS	Revisjon	IKS	Kristiansand
Setpro AS	Arbeidsopplæring og tilrettelegging	AS	Evje og Hornnes
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS	Renovasjon	IKS	Evje og Hornnes
Setesdal Brannvesen IKS	Brannvern og brannberedskap	IKS	Evje og Hornnes
Konsesjonskraft IKS	Distribusjon og handel med elektrisitet	IKS	Valle
Agder Sekretariat (§ 27)	Sekretær kontrollutvalg	Uselvstendig § 27-samarbeid	Kvinesdal
Aust Agder museum og arkiv IKS	Museumsdrift	IKS	Arendal
IKT Agder	IKT	IKS	Arendal
Setesdalmuseet Eigedom IKS	Eigar av museumseigedom	IKS	Valle
Setesdal interkommunalt politiske råd	Regionråd	Selvstendig § 18-1-samarbeid	Valle
Byglandstunet AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Syrteit Næringsområde AS	Eigedomsforvaltning	AS	Evje og Hornnes
NAV Midt-Agder	NAV	Vertskommunesamarbeid	Vennesla
Setesdal barnevern	Barnevern	Vertskommunesamarbeid	Valle
Setesdal PPT	PPT	Vertskommunesamarbeid	Valle
Jordmor	Jordmor	Vertskommunesamarbeid	Bygland
LMT	Lokalmedisinske tjenester	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Legeteneste inkl. legevakt og KØH	Legekontor, legevakt, KØH	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Vassdragsstyre Øvre Otra	Vassdragsstyre	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Veterinærtjeneste	Veterinærtjeneste	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Veterinærvakt	Veterinærvakt	Vertskommunesamarbeid	Valle og E&H
Kulturskule	Kulturskule	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Vassdragskoordinator Otra	Vassdragsforvaltning	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Skogbrukstjenester	Skogbruk	Sal av teneste	Bygland
Krisesentertjenester	Krisesenter	Sal av teneste	Kristiansand

Jordmor

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune.

Ergoterapeut

Det var felles ergoterapeut for Bygland, Valle, Bykle og Åseral kommunar i 100 % stilling fram til og med april 2023, kor Bygland var vertskommune. Kvar kommune dekkja 25 % av kostnadane. Samarbeidet vart terminert frå og med mai 2023.

Vassdragsstyre øvre Otra

Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvaltning av øvre Otra. Bygland kommune er vertskommune for dette organet og kommunen sin fiske- og vassdragsrådgjevar (fiskebiolog) er sekretær.

Vassområdekoordinator for Otra

For å sikre at arbeidet i Otra vassområdet blir opp følgd i tråd med vassforskrifta vart det inngått ein samarbeidsavtale om tilsetning av ein felles vassområdekoordinator for vassområdet. Samarbeidet blir òg oppretta i tråd med nasjonale føringar der det blir anbefalt tilsetning av felles vassområdekoordinator. Det er sett av 1 mill. årleg til denne stillinga, kor sju kommunar dekkjer totalt 39 %, medan fylkeskommunen dekkjer 61 %.

Skogbrukstenester

Det er felles skogbrukssjef for Bygland, Valle og Bykle kommunar i 100 % stilling, kor Bygland er kontorstad for stillinga. Frå 01.05.23 har denne stillinga også fungert for Åseral kommune, men dette er berre midlertidig, og skal, etter planen, avsluttast til sommaren 2024.

1.11 Etisk standard og internkontroll

1.11.1 Generelt

Bygland kommune nyttar kvalitetssikringssystemet Compilo for å ta hand om internkontrollen. Her blir avvik registrert når dei oppstår og systemet syter for ei sikker oppfølging av desse avvika. Kommunen jobbar kontinuerleg med å overhalde lover og forskrifter, og avvik vert registrert og følgd opp.

Det er fleire forhold dei ulike einingane må ta omsyn til i den daglege drifta med tanke på etikk. Det gjeld ordinære lover og forskrifter. Oppvekst har eigne mobbeplanar og utdanningsforbundet har ein eigen etisk plattform som bind medlemmane. Innanfor Pleie og omsorg og Helse blir det kvar veke tatt stikkprøver for sikre gode tilgangs-rutinar til pasientjournalane. 2 tilfeldige tilsette sjekkar i forhold til oppslag i pasientjournalane.

Når det gjeld innkjøp er fleire personar involvert i innkjøpsprosessane og fakturabehandlingane for å ivareta internkontrollen. Kommunen er med i felles innkjøpsordning gjennom OFA (offentlige anskaffelser Agder) for å trygge innkjøpsprosessen og oppnå gunstige prisar. Dei som har tilgang til bankkontoane har ikkje høve til å tilvise bilag til utbetaling, dette for å sikre internkontrollen. I tillegg blir alle bilag attestert og tilvist av ulike personar. Bankkontoane blir avstemde kvar månad, og avstemminga blir kontrollert av overordna. Kommunen vedtok sitt første innkjøpsreglement i september 2021.

Ein syner òg til personalhandboka, kor mellom anna leiarverdiane i kommunen som legg føringar for leiarane i høve etikk og kontroll er omtala. Kommunen sitt økonomireglement er i utgangspunktet utdatert, men det er framleis fleire av føringane i reglementet som er like relevante no som då reglementet vart skrive, mellom anna knytte til økonomirapporteringar (tertialrapportar) og innkjøp (anvisning og attestasjon mv.). Ein tek sikte på å oppdatere reglementet seinast innan september 2024.

Kommunen har også eit etikkreglement (vedteke i 2019), som er retta mot tilsette og folkevalde, som inkluderer m.a. tema som profesjonalitet (ærlegdom, likehandsaming, lojalitet, omdøme, teieplikt mv.), openheit og dialog, interessekonflikkar (habilitet), gåver/representasjon, pengar og egedelar, innkjøp, arbeidsmiljø og varsling. Etikkreglementet finst og som samandrag i «plakat-format» som vert hengt opp synleg i kommunen sine einingar/avdelingar. Kommunen har i tillegg eigne retningsliner for habilitet for å førebygge at det vert gjort transaksjonar mellom nærstående parter. Retningslinene er retta mot, og ansvarleggjer, tilsette og folkevalde i kommunen med omsyn til habilitetsreglane i forvaltningslova.

På generelt grunnlag, så arbeider kommunen kontinuerleg for å oppnå så høg grad av internkontroll og etisk standard som mogleg.

1.11.2 Tilsyn i løpet av året

Tilsyn frå Arbeidstilsynet på Byglandsheimen

23.02.23 vart det gjennomført tilsyn på Byglandsheimen. Tilsynet vart gjennomført ved bruk av gruppeintervju med tilsette, verneombod, tillitsvalde, bedriftshelsetenesta og leiarar, og hadde følgjande tema:

- Ergonomiske, organisatoriske og psykososiale forhold i arbeidet som kan påvirke risikoen for at arbeidstakarar kan få muskel- og skjelettplager, og psykiske plager
- Systematisk HMS-arbeid knyttet til forhold i arbeidet som kan bidra til muskel- og skjelettplager, og psykiske plager herunder risiko for vald og trugsmål

- kartlegging og risikovurdering
- handlingsplan med tiltak
- avvikshandtering
- rutiner for oppfølging av hendingar
- Leiing og medverknad, samarbeid med arbeidstakarar og verneombod
- Informasjon og opplæring knytt til risikoforhold i arbeidet
- Arbeidstid
- Bedriftshelsetjeneste

Det vart gjeve 8 pålegg etter tilsynet, der fyrste frist for lukking av pålegg var 15.06.23. Etter dialog med Arbeidstilsynet vart fristen utsett til 06.10.23.

Det vart i perioden arbeidd systematisk med å lukke pålegga. Bedriftshelsetenesta deltok aktivt med bistand i form av råd og rettleiing gjennom fleire møter. Det vart sett ned arbeidsgrupper med leiarar, tillitsvalde og verneombod. Tilbakemelding til arbeidstilsynet vart gjeve innan den utsette fristen.

Arbeidstilsynet lukka avvika i tilbakemelding 20.10.23.

1.12 Befolkningsutvikling

1.12.1 Folketal etter grunnkrets for åra 2000 og 2015-2024

Grunnkrets	2000	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2023
Byglandsfjord	390	396	395	393	404	396	385	379	368	365	390
Grendi	179	119	122	126	115	114	109	100	107	106	119
Årdal Vestside	14	14	15	15	15	16	14	13	13	13	14
Longerak	51	41	45	39	43	43	42	42	41	40	40
Lauvdal	39	38	36	35	32	32	30	30	31	27	26
Bygland	287	252	266	267	274	280	273	269	260	271	282
Bygland Vestside	1	5	5	5	5	5	5	3	3	3	3
Jordalsbø/Lidi	98	85	80	87	88	84	79	81	82	81	80
Skomedal	24	25	25	24	24	22	22	23	20	19	16
Frøysnes	13	10	10	10	9	7	7	7	8	9	9
Sandnes/Åraksbø	87	73	73	75	76	68	70	73	73	80	81
Austad Austside	80	68	62	65	63	64	70	69	72	73	70
Ose/Moi	32	19	24	20	23	24	23	22	26	26	25
Langeid/Hegglund/Tveit	39	34	33	28	35	35	30	28	27	22	25
Ose/Moiheia	.	2
Langeid/Hegglund/Tveitheiene	.	1	1	9
Austad Austhei	1	5	5
Uoppgeve grunnkrets	16	2	7	2	1	2	3	3	3	1	.
Totalt:	1351	1189	1204	1200	1207	1192	1162	1142	1134	1136	1180

Tabellen viser innbyggjartala per grunnkrets per 1.1 i dei respektive åra. År 2000 er teke med for å vise utviklinga over lengre tid. Frå 2019 til 2022 er det ein dramatisk nedgang. Frå 2022 til 2024 er det ei auke på 56 innbyggjarar, kor av 48 av desse er flyktingar frå Ukraina.

1.12.2 Befolkningsprofil

Befolkningsprofil Bygland 2019-2023:

	2019	2020	2021	2022	2023
Innbyggjarar (antall)	1162	1142	1134	1136	1180
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	6	6,1	6,2	4,4	7,6
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	5,2	13,1	15	21,2	9,3
Netto innflytting (antall)	-33	-12	2	23	46
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	10,3	11,5	11,6	32	58,5
Andel uføretrygda 18-66 år	17,0	19,2	19,0	18,6	19,7

Tal per 31.12.23. I 2021 og 2022 hadde Bygland kommune flest døde og færrest fødde per 1000 innbyggjarar blant kommunane i Agder. I 2023 har dette talet auka til 7,6, men det er likevel berre fire kommunar i Agder som har eit lågare tal enn Bygland på dette området. Til samanlikning er tilsvarande tal i Valle 14,1 (høgast i Agder), og 13,8 i Bykle (nest høgast i Agder). Med sine 19,7 % ligg Bygland tredje høgast i Agder på andel uføretrygda mellom 18 og 66 år, bak Iveland (20,8 %) og Gjerstad (20,6 %), og likt med Åmli.

Befolkningsprofil Bygland samanlikna med andre kommunar 2023:

	Åmli	Iveland	Bygland	Valle	Bykle	Åseral	Hægebostad
Innbyggjarar (antall)	1802	1380	1180	1205	1011	923	1776
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	7,8	11,6	7,6	14,1	13,8	7,6	11,8
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	8,9	5,1	9,3	8,3	6,9	9,8	9,6
Netto innflytting (antall)	18	27	46	18	9	14	22
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	68,5	64,3	58,5	52,9	75,7	68,8	61,2
Andel uføretrygda 18-66 år	19,7	20,8	19,7	13,4	5,8	11,8	15,1

Tal per 31.12.23. Bygland har teke imot 32 flyktningar frå Ukraina i 2023 (16 i 2022). Desse er inkludert i «netto innflytting».

1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal

I dette delkapitlet viser ein KOSTRA-tala for dei største einingane i kommunen; oppvekst, helse og pleie og omsorg. Totalt utgjer desse einingane om lag 70 prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er viktig å merke seg at desse tala *kan* innehalde rapporteringsfeil. Elles så skal ein og vere forsiktig med å leggje for mykje vekt på å samanlikne tala mellom ulike kommunar direkte, då f.eks. demografi kan ha mykje å seie for korleis ein kommune vel å prioritere. For små kommunar kan og mindre endringar i antal utgjere store utslag på statistikkane frå år til år.

1.13.1 Nøkkeltal oppvekstsektoren

I dette avsnittet har ein inkludert nøkkeltal for barnehage (øvrste del av tabellen under), skule (midtrel del) og barnevern (nedste del).

	Åmli	Iveland	Bygland	Hægebostad	Kostragr. 14
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-5 år (%)	90,2	80,9	97,3	82,3	89,6
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning (%)	46,3	40,6	62,2	51,0	39,2
Netto driftsutgifter barnehagar i % av kommunens totale netto driftsutgifter	11,8	18,6	9,0	11,5	10,0
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år (kr)	230804	277685	291541	218990	240800
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	34,3	48,9	60,2	68,2	58,2
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	125,0	116,7	89,0	177,5	175,7
Elever i kommunale og private grunnskolar som får særskilt norskoppl. (%)	4,9	10,6	6,6	2,7	7,0
Elever i kommunale og private grunnskolar som får spesialundervisning (%)	15,7	12,1	11,7	7,1	9,8
Gjennomsnittleg grunnskolepoeng (antall)	39,2	40,5	45,7	..	42,1
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i % av samla netto driftsutgifter (%)	22,0	27,4	26,0	26,1	21,9
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år (kr)	187734,6	178073,5	235590,9	192826,6	208113,4
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	2,5	3,5	7,4	2,9	3,7
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	2,3	4,0	6,4	2,4	3,9
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-24 år (kr)	13428	5422	19969	5765	11662
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-24 år (%)	3,8	2,8	7,3	1,4	3,5

Når ein samanliknar med gjennomsnittet for kommunegruppa, ser ein at Bygland ligg vesentleg over når det gjeld netto driftsutgifter per innbyggjar til både barnehage, grunnskule og barnevern, og også høgast blant kommunane i Agder som høyrer til kommunegruppe 14.

1.13.2 Nøkkeltal helse- og omsorgstenester

	Åmli	Iveland	Bygland	Hægebostad	Kostra- gr. 14
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbyggjar (kr)	60462	36520	57732	54136	56166
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar (årsverk)	511,4	298,0	487,2	476,7	470,2
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunens samla netto driftsutgifter	41,2	25,8	46,2	38,3	37,0
Andel innbyggjarar 80 år og over som bruker heimetenester (prosent)	53,7	35,7	37,7	30,6	33,9
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim (prosent)	10,2	..	22,6	13,3	12,8
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i % av kommunens samla netto driftsutg.	7,4	8,5	6,4	7,3	7,8
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	15,5	8,7	13,6	11,3	18,2
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	16,6	14,5	6,8	11,3	14,2
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innb. 0-20 år	60,8	52,6	136,4	99,0	66,1

Kommunen har litt høgare driftsutgifter per innbyggjar enn kommunegruppa, men lågare enn Åmli. Når det gjeld årsverk, så ligg kommunen over kommunegruppa når det gjeld helse og omsorg og helsestasjons- og skulehelsetenesta, men når det gjeld sistnemnte vert deler av årsverka finansiert av eit statleg tilskot. Fysioterapeutårsverk ligg kunstig lågt fordi kommunen kjøper fysioterapitenesta eksternt. Elles viser ein til tala i tabellen.

